

Jan Pål Kerssemakers

«Halvmannen»

Ein komparativ analyse av korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram i romanane / *skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap*

Masteroppgåve i nordisk litteratur

Mai 2019

Jan Pål Kerssemakers

«Halvmannen»

Ein komparativ analyse av korleis «den
homoseksuelle» blir skriven fram i romanane /
skyggen av Karl Johan og *Drude Helmers egteskap*

Masteroppgåve i nordisk litteratur
Mai 2019

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur

Samandrag

Denne oppgåva har som formål å undersøke korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram i romanane *I skyggen av Karl Johan* (1912) av Øvre Richter Frich (under pseudonymet Rita Freimann) og *Drude Helmers ektenskap* (1913) av Ranka Knudsen. Med ei forankring i eit queer-teoretisk perspektiv ser eg på det å skrive fram «den homoseksuelle» som ein konstruksjon. Denne konstruksjonen argumenterer eg for at er historisk situert, altså at romanane både er påverka av og påverkar si eiga samtid. I ljøs av det queer-teoretiske perspektivet påpeikar eg òg dei politiske og problematiske sidene ved konstruksjonen som finn stad i romanane. Analysen min i denne oppgåva er todelt. I fyrste del av analysen undersøker eg korleis romanane skriv fram «den homoseksuelle» gjennom ytre karakteristikkar ved å fokusere på yrke, utsjånad og veremåte. I andre del av analysen argumenterer eg for at «den homoseksuelle» blir skriven fram som eit trugsmål mot ekteskapet som institusjon og samfunnet som heilskap. Ut frå denne samfunnsundergravande funksjonen hevdar eg i denne oppgåva at både *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers ektenskap* inneheld ein modernitetskritikk, men utan å fremme han gjennom ei typisk modernistisk form.

Føreord

Det er mange personar eg ynsker å rette ein takk til. Hadde det ikkje vore for at Frode Lerum Boasson gjennom emnet NORD3100 tok oss med på doktorgradsdisputasen til Per Esben Myren-Svelstad i 2017, er det ikkje sikkert denne oppgåva hadde blitt skriven. Likevel må det vere Per Esben si fortjeneste at han gjennom denne disputasen opna ei heilt ny verd for meg. Valet var då enkelt: Eg skulle skrive min master om eit liknande tema. Det å deretter få Per Esben som medrettleiar har vore heilt essensielt for prosjektet mitt, og eg er utruleg glad for alle dine kritiske og konstruktive merknadar undervegs. Hovudrettleiaren min, Anders Skare Malvik, har vore heilt uvurderleg i skriveprosessen min. Du har gjeve meg ei formidabel og stø rettleiing frå start til slutt, og eg kunne ikkje ha vore meir nøgd. Eg må òg takke alle dei gode studievenene mine. Studieåra her i Trondheim hadde aldri blitt så gode om det ikkje hadde vore for dykk. I tillegg må sambygdingen min Ingvild Borgen Moe få ein særskild takk for at ho alltid har vore der for meg i trondheimskvardagen desse åra. Heilt til slutt må mine foreldre Eli Wendelbo og Boudewijn Kerssemakers få ein stor takk. De to har vore dei viktigaste støttespelarane gjennom heile studiet. Tusen takk alle saman, de er makelause!

Trondheim, mai 2019

Jan Pål Kerssemakers

Innholdsliste

1. Usynleg, men synleg seksualitet	1
1.1. Det problematiske homoseksualitetsomgrepet	1
1.2. Val av romanar	2
1.3. Problemstilling og avgrensing	4
2. Ein konstruert seksuell identitet	6
2.1. Ein kort gjennomgang av tidlegare forskning på dei to romanane.....	6
2.2. «Den homoseksuelle» blir fødd.....	7
2.2.1. Queer-teori og kritikken av homoseksualitetsdefinisjonar	8
2.2.2. Den homografiske markøren – ein nykel til å gripe den skjulte seksualiteten?	9
2.2.3. Dei homografiske markørane og intrigen.....	10
2.3. Fokalisering og forteljaren si plassering i romanane.....	11
2.4. Samspelet mellom litteratur og sexologi	12
3. Homoseksualitet som «fenomen» i samtida til romanane	14
3.1. Sedgwick og sameksistensen til ulike forståingsmodellar	14
3.1.1. Krafft-Ebing og overgangen frå «syndar» til «avvikar»	14
3.2. Framstillingar av «den homoseksuelle»	16
4. Etableringa av «den homoseksuelle» si ytre form.....	18
4.1. «Den homoseksuelle kunstnaren» – eit metonymisk samband blir skapa	18
4.1.1. Dei falske kunstnarane i I skyggen av Karl Johan	18
4.1.2. Den tvitydige musikken i Drude Helmers egteskap	21
4.1.3. Skodespelaren – både metonymi og allegori?	24
4.2. Ei kopling til jøden?	28
4.3. «Den homoseksuelle» mottypen	29
4.3.1. Den homoseksuelle mottypen som uttrykk for idéen om degenerasjon.....	32
4.4. Ei endring i framstillinga av Karl og Erik?	33
4.4.1. Nyforelska kvinner og attraktive menn	34
4.4.2. Ny kvardag og ny oppfatning av mennene?.....	36
5. «Den homoseksuelle» sin samfunnsundergravande funksjon.....	40
5.1. Ein «pervers» sydebukk i litteraturen.....	40
5.2. «Den homoseksuelle» si undergraving av det heteronormative ekteskapet.....	41
5.2.1. Eit hegemoni under press	43
5.3. Dragninga mot fortida – ein modernitetskritikk?	45
6. Ein politisk og problematisk konstruksjon.....	49

6.1. Oppsummering	49
6.2. Det tvitydige blir einstydig?	50
6.3. Det store homoseksualitetsparadokset i romanane	51
Litteraturliste.....	53

1. Usynleg, men synleg seksualitet

1.1. Det problematiske homoseksualitetsomgrepet

I 1912 og 1913 blei to romanar som er svært like når det gjeld tema og motiv gjevne ut i Noreg. Desse to romanane er *I skyggen av Karl Johan: Fragment av en kvindes liv* (1912)¹ og *Drude Helmers egteskap* (1913). Øvre Richter Frich (1872-1945) skreiv den fyrstnemnde under pseudonymet Rita Freimann, medan Ranka Knudsen (1888-1966) er forfattern bak den andre. I både romanane er det ein i dag vil omtale som *homofili* ein heilt sentral tematikk, men i ljøs av samtida til romanane vil *homoseksualitet* vere ein meir presis term å bruke når ein snakkar om tematikken deira.² Formålet i denne oppgåva er å analysere korleis dei to romanane skriv fram «den homoseksuelle» i teksten, og i samband med dette kjem særleg det å sjå på det *tvitydige* i romanane til å vere viktig. Samstundes kjem kontekstuell informasjon til å vere ein vesentleg del av analysen min, noko som inneber å lyfte blikket opp frå romanane for å sjå på historiske forhold. Særleg den medisinske diskursen, representert ved samtidas sexologi, er sentral i samband med dette. I oppgåva argumenterer eg for at dei to romanane produserer ei *historisk situert* oppfatning av homoseksualitet. I dette legg eg at den einskilde romandiskursen både har blitt påverka av samtidige diskursar når det gjeld forståinga av homoseksualitet, og at han samstundes kan ha påverka samtidas oppfatning av homoseksualitet ved å bidra til å konstruere «den homoseksuelle».

Det er likevel to problematikkar som gjer seg gjeldande når eg seier at homoseksualitet er eit sentralt tema i både romanane. Den fyrste er at omgrepet homoseksualitet ikkje er nemnd i korkje romanen til Frich eller Knudsen, og slik sett er påstanden min ikkje mogleg å grunnge ut frå ein slik kausalitet. Når det gjeld det å hevde at både romanane handlar om homoseksualitet, blir det altså raskt eit spørsmål om *kvifor* ein kan hevde dette. Grunnen til at eg gjer det, er at eg meiner «den homoseksuelle» blir skriven fram i teksten gjennom korleis fleire av dei mannlege karakterane blir framstilte. Den andre problematikken som gjer seg gjeldande, er at ein ved å bruke eit omgrep som homoseksualitet står i fare for å snevre inn og redusere seksuell tiltrekking mellom menn til ein kategori med klåre og definerte rammer.

¹ Vidare i denne oppgåva kjem eg til å omtale *I skyggen av Karl Johan* utan undertittel.

² Omgrepet homoseksualitet blei nytta fyrste gong av homoaktivisten Karl Maria Kertbeny i 1869 då han argumenterte for å avkriminalisere sex mellom menn (Jordåen, 2010, s. 99). Av di termen allereie var i bruk før 1900, vil eg argumentere for at det ikkje er ein anakroni å nytte han når eg analyserer romanane til Frich og Knudsen, noko eg meiner det å bruke omgrep som *homofili* eller *skeiv* vil vere.

Ved å nemne ordet konstruksjon ovanfor kom eg inn på problematikk nummer to. Seksuelle kategoriar kan vere svært problematiske å bruke, og i samband med denne problematikken er det *queer-teoretiske* bakteppet mitt i denne oppgåva viktig å nemne. Litteraturteoretikaren Judith Butler (1991) problematiserer bruken av slike termar, men samstundes meiner ho at ein er heilt avhengig av desse termene for å kunne skrive om det aktuelle temaet (s. 14). I forlenging av Butlers problematisering kan ein omtale denne oppgåva som det Michel Foucault (1999 [1976]) kallar ein omvend diskurs. Ein må låne makta sitt språk for å analysere korleis ein bestemt type kunnskap blir danna (s. 103). Ved å bruke omgrepet homoseksualitet ynsker eg med forankring i queer-teori å syne korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram og konstruert som ein identitet i dei to romanane, trass i farane for å reproducere denne produksjonen sjølv. Eg vel òg å sette «den homoseksuelle»³ i hermeteikn i denne oppgåva. Dette er for å understreke at det er snakk om ein konstruksjon som bygger på at ulike stereotypiske og idéhistoriske element utgjer ein slik identitet, og ikkje ei sanning om kven «den homoseksuelle» faktisk *er*.

1.2. Val av romanar

Innleiingsvis er det viktig å presisere at eg har tatt nokre bevisste val når det gjeld å finne forskingsobjekt. Oppgåva tek berre for seg to romanar, og ho er på ingen måte ei uttømmende kjelde til å forstå korleis litteraturen var med på å konstruere «den homoseksuelle» i Noreg på byrjinga av 1900-talet. Eg har bevisst valt ut to romanar som, på grunn av fleire likskapar med kvarandre, fungerer som døme på korleis nokså like oppfatningar av homoseksualitet kjem til syne hjå to ulike forfattarar frå same tidsperiode. For å tydeleggjere kvifor eg har valt å samanlikne akkurat desse to romanane, skal eg no kort gjere greie for dei sentrale likskapane, men òg peike på nokre skilnadar når det gjeld *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap*.

Som nemnt tidlegare i innleiinga minner motiva i dei to romanane til dels mykje om kvarandre. Med paradegata i Noregs hovudstad som utgangspunkt fortel Linken Bratt retrospektivt om livet sitt i *I skyggen av Karl Johan*. Den unge og attraktive Linken fangar raskt blikket til Karl Howitz, fabrikkengar og ettertrakta ungar. Bryllaupet blir snart ein realitet, men lukka forsvinn raskt, det vil seie allereie på bryllaupsnatta, for Karl viser inga interesse for ho. Til slutt ser ho skilsmisse som einaste løysing for å sleppe unna det innhaldslause ekteskapet og ektemannen sine sidesprang med ein mannleg skodespelar. *Drude Helmers egteskap* gjev

³ Sidan kvinneleg homoseksualitet blei konstruert annleis enn mannleg, er det underforstått at det i denne oppgåva er snakk om mannleg homoseksualitet når eg framover skriv «homoseksualitet» eller «den homoseksuelle».

eit innblikk i ekteskapet til kvinna med same namn som i tittelen. Drude er musikkstudent i hovudstaden, og ho finn tonen med den unge musikaren Erik Hensch. Denne romansen endar òg med giftarmål, men heller ikkje dette ekteskapet blir som forventa. Drude føler seg raskt tilsidesett på grunn av Erik sitt behov for å vere med venene sine, og ho vel til slutt å dra heim til foreldra etter å ha oppdaga at mannen er utru med ein mannleg kollega. Dei to romanane deler altså langt på veg same motiv. Når det gjeld tema, er det òg klare likskapstrekk mellom romanane til Frich og Knudsen. I forlenging av at ekteskapa blir øydelagde av «homoseksualiteten» til ektemennene, blir det åtvare mot den samfunnsundergravande funksjonen til «den homoseksuelle». Både romanane er med andre ord *homonegative pamflettar*. Denne likskapen var nok ein grunn til å velje ut desse to romanane til denne oppgåva. Dei åtvarar mot homoseksualitet i ei tid då seksuell omgang mellom menn var forbode i straffelova. Dette sambandet er eit relevant utgangspunkt for å samanlikne konstruksjonen av «den homoseksuelle» i romanane med til dømes den juridiske diskursen i tillegg til den medisinske.

Når det gjeld stil, skil dei to romanane seg ein del frå kvarandre, samstundes som den litteraturhistoriske plasseringa av dei bør diskuterast. Idéhistorikaren Christoffer Hals Gylseth (1997) hevdar at *I skyggen av Karl Johan* var eitt av Frich sine forsøk på å skrive i ei meir seriøs skjønnlitterær form (s. 147). Likevel distanserer romanen seg til dels stilistisk frå *Drude Helmers egteskap* gjennom ei lang rekke overdrivingar og allusjonar. Bakgrunnen for dette kan vere at han opphavleg var ein føljetong i avisa Social-Demokraten, som deretter kom ut i bokform (Rafto, 2018, s. 93). Publiseringsmediet kan med andre ord ha vore med på å påverke romanen si form før utgjevinga skjedde i sistnemnde format. På same tid har romanen eit motiv som liknar dei naturalistiske romanane frå slutten av 1800-talet. Illustrerande sluttar romanen med Linken sine negative framtidsutsikter: «Jeg var et tomt skal, en vandrende mumie, den fattigste av alle fattige, som med bøiet hode og bleke leber gik ind i resignationens graa og farveløse nat» (Freimann, 1912, s. 87).⁴ I kontrast er Drude i romanen til Knudsen skildra som handlekraftig, og ho forlèt, nærmast i «Ibsensk» stil, Erik for å bu heime hjå foreldra med sonen, «[...] og der skal vi to ha det saa godt sammen, deilige, deilige gutten min – – –» (Knudsen, 1913, s. 126). Trass i dei stilistiske skilnadane og dei ulike framtidsutsiktane det blir fortalt om, kan ein likevel seie at både romanane har eit grunnleggande realistisk preg over seg.

Litteraturhistorikaren Per Thomas Andersen (2012) understrekar at den realistiske litterære tradisjonen frå 1870- og 80-åra aldri døydde ut, den berre fornya seg (s. 340). Han lyftar fram *nyrealismen* som ei form for folkeleg gjennombrøt i litteraturen på fyrste halvdel av

⁴ I denne oppgåva kjem eg til å omtale *I skyggen av Karl Johan* som Frich sin roman av di det er kjent at han har skrive romanen, men i referansane kjem eg til å referere til pseudonymet Rita Freemann som forfattar.

1900-talet, der «vanlege» og gjerne hardtarbeidande menneske stod i fokus (s. 339). Både romanane handlar derimot om livet til overklassa, slik mykje av den litterære produksjonen frå det moderne gjennombrøtet gjorde. Ut frå dette kan det verke problematisk å omtale romanane som nyrealisme. I *Norsk litteraturhistorie* (1996), skriven av Harald og Edvard Beyer, blir dei tematiske fellesnemnarane innanfor nyrealismen framheva, sjølv den folkelege vendinga i litteraturen på byrjinga av 1900-talet òg blir lyfta fram. Ein av desse fellesnemnarane er at einskildindividet stod i fokus, men som del av i ein større samanheng. Forholdet til fellesskapet blei ofte lyfta fram som krevjande i litteraturen, samstundes som individets fridom blei tona ned (s. 294-295). Individet sin plass i ein større kontekst er viktig å merke seg når det gjeld *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap*. Gjennom å framstille Linken og Drude som offer blir det som tidlegare nemnt åtvare mot «den homoseksuelle». Samstundes blir «den homoseksuelle» òg forbunden med samfunnsutviklinga, slik at dei to kvinnene indirekte er offer for denne utviklinga. Dersom ein ser dei to romanane i samanheng med annan litteratur frå byrjinga av 1900-tallet, er dei relativt tidstypiske trass i overklassemotivet. At både romanane kan lesast som ein del av den realistiske tradisjonen, gjev òg grunnlag for at ei samanlikning av dei er relevant å gjennomføre.

1.3. Problemstilling og avgrensing

Det å analysere korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram, handlar om å analysere kva som kan oppfattast og lesast som eit teikn på homoseksualitet i dei to romanane. Eg meiner at både romanane produserer ei historisk situert oppfatning av «den homoseksuelle», og ut frå dette har eg utforma ei todelt problemstilling: Korleis skriv romanane *I skyggen av Karl Johan* (1912) og *Drude Helmers egteskap* (1913) fram «den homoseksuelle»? Korleis går desse romanane i dialog med samtidas idé om at «den homoseksuelle» trugar både ekteskapet og samfunnet som heilskap? Problemstillinga legg opp til at eg både kan fordjupe meg i interne samband som blir skapa i teksten, og samstundes trekke inn kontekstuell informasjon for å vise samband på tvers av romanane og dei kringliggande diskursane.

På grunn av oppgåveomfanget har eg ikkje høve til å gjere ein uttømmende analyse av alt innhaldet til romanane. Eg har gjort eit utval i teksten. Til dømes har eg valt ut visse litterære karakterar som eg skal ta for meg i analysen min, men på grunn av dette må òg nokre utelatast. Sjølv om det er Linken og Drude som er dei mest sentrale karakterane i kvar sin roman, er det ikkje å analysere dei som er det viktigaste i denne oppgåva. Linken og Drude er likevel svært viktige for den analysen eg gjer fordi dei er *fokalinstantane* som oppfattar mennene. Karakterane eg analyserer blir stort sett medierte gjennom dei to forrådde karakterane sine

sansingar, og på denne måten vil oppfatninga av homoseksualitet som kjem til uttrykk i romanane i stor grad vere påverka av denne instansen. I tillegg til queer-teori kjem eg av den grunn òg til å presentere teori om *fokalisering* som er relevant for analysen min i kapittel to, som er teorikapittelet til oppgåva. Etter teorikapittelet, i kapittel tre, gjer eg greie for nokre vanlege oppfatningar av homoseksualitet i samtida til romanane, og hovudfokuset her kjem til å vere på samtidas sexologi. I kapittel fire tek eg fatt på analysen, og her er det metonymiske samband og «feminine» framstillingsmåtar som skal stå i fokus. Deretter fylgjer kapittel fem, kor eg skal analysere korleis homoseksualitet i romanane blir skrive fram som eit trugsmål mot ekteskapet som institusjon og samfunnet som heilskap. Avslutningsvis i innleiinga er det likevel fyrst viktig å reflektere litt kring mi eiga rolle som lesar og fortolkar i møte med tekstane.

Det er viktig å ha eit bevisst forhold til kva som står i teksten eg les og kva som blir fortolka av meg. Stereotypiar knytt til seksuell legning er framleis svært vanlege i dagens samfunn, og slik vil eg som lesar i 2019 bevisst eller ikkje kunne ta med meg desse inn i arbeidet med romanane. At lesingane mine til ein viss grad kan vere påverka av eiga attkjenning, kan kjennast ubehageleg når målet med oppgåva tvert imot er å vise at slike stereotypiar berre er ein konstruksjon. I den grad det lèt seg gjere, skal analysen i denne oppgåva vere objektiv, og eg viser gjennom heile oppgåva til sitat frå romanane for å underbygge lesingane mine.⁵ Likevel er det viktig å ha i mente at fortolkinga i min analyse av romanane ikkje hadde vore mogleg på byrjinga av 1900-talet, samstundes som eg analyserer romanane ut frå eit bestemt perspektiv. I forlenging av dette er det òg viktig å ha i mente at queer-teoretiske lesingar nødvendigvis vil vere politiske fordi dei tek for seg eit mykje diskutert tema i samfunnet. Kanskje oppgåva mi kan bidra til å belyse korleis stereotypiar som framleis finst i dag òg berre er konstruksjonar?

⁵ Nokre av sitata har blitt tilpassa litt når det gjeld formatering for at dei skal vere lettare å sitere i oppgåva, men orda er akkurat dei same som i originaltekstane.

2. Ein konstruert seksuell identitet

2.1. Ein kort gjennomgang av tidlegare forskning på dei to romanane

Det har vore ei ikkje ubetydeleg forskning på liknande tematikk i litteraturen i Noreg og Norden dei siste åra. Av di det ikkje er høve til å gå inn på alt i denne oppgåva, skal eg halde meg til kort å presentere forskning som gjeld *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap*. Jan Olav Gatland har gjort ei stor kartlegging av homofile tema i norsk litteratur i *Mellom linjene: homofile tema i norsk litteratur* (1990). Dette er eit oversiktsverk, og Gatland gjer ikkje nokon djuptgripande analyse av einskilde verk. Om *I skyggen av Karl Johan* skriv han at «[d]et er ikkje måte på sjikanering homofile (menn) blir utsette for i boka [...]» (s. 95). Per Esben Myren-Svelstad nemner òg romanen til Frich kort i si avhandling *Den opne løyndommen: Homografiske lesingar i Åsmund Sveens forfatterskap* (2017), men gjer ikkje nokon analyse av ho. Lars Rune Waage tek for seg Sigurd Mathiesens forfatterskap i avhandlinga *Skrekkens grenser: Seksualitet og tekstualitet i Sigurd Mathiesens forfatterskap* (2009), men han brukar ein god del plass på å analysere *I skyggen av Karl Johan*. Hovudtyngda i Waage (2009) sin analyse er plassert på kjønnsroller og utfordringane som heteroseksualiteten blir utsett for i romanen til Frich (s. 220-221). Det er i denne avhandlinga derimot ikkje bruka like mykje plass på korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram. Det er her eg ynsker å legge hovudtyngda når eg analyserer og samanliknar dei to romanane, men kjønnsroller kjem til å vere viktig i samband med dette i mi oppgåve òg.

Heidi Rhode Rafto samanliknar dei to romanane i artikkelen «Gifte menn i skåpet – i litteraturen» (2018). Ho må få æra av å ha lyfta *Drude Helmers egteskap* fram att i ljuset med artikkelen «Drude Helmers egteskap» (2017), som hennar samanlikning med *I skyggen av Karl Johan* bygger vidare på. Rafto (2018) sitt fokus er å vise korleis dei to romanane kan seie noko om homoseksuelle menn sin situasjon på byrjinga av 1900-talet. I likskap med Waage (2009) er derimot ikkje fokuset i like stor grad på korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram. Både Rafto (2018) og Waage (2009) sine analysar gjev meg likevel eit solid grunnlag som eg kan bygge vidare på i denne oppgåva. Samstundes er det verdt å merke seg at *Drude Helmers egteskap* i stor grad har gått under radaren fram til no. Romanen er til dømes ikkje nemnd i Gatland sitt oversiktsverk, og eg har heller ikkje funne forskning utover Rafto sine artiklar frå 2017 og 2018. Sidan berre eitt år skil dei to romanane, og dei tematisk og motivisk er svært like, kan ein undre seg over kvifor Knudsen sin roman har hamna i skuggen av romanen til Frich. Eg ynskjer av den grunn å gjere ein grundig analyse av båe romanane, der både likskapar

og skilnadar skal lyftast fram. I dei tre neste underkapitla skal eg presentere det teoretiske grunnlaget som eg baserer analysen min av dei på.

2.2. «Den homoseksuelle» blir fødd

Min tese er at «den homoseksuelle» blir skriven fram i teksten gjennom ein viss måte å framstille fleire av dei mannlege karakterane på i romanane til Frich og Knudsen. I forlenging av dette er eit av måla med analysen min å granske korleis romanane bidreg til å konstruere «den homoseksuelle» i samtida. Som tidlegare nemnt meiner eg at romanane både er påverka av og påverkar denne samtida. *Queer-teori* gjev meg dei reiskapane eg treng for å sjå homoseksualitet som eit kulturelt konstruert fenomen, og i forlenging av dette reiskapane eg treng for å kunne problematisere denne identitetskonstruksjonen. Queer-teori kan ein forstå som ei vidareutvikling av konstruktivistisk kjønnsforskning, skriv litteraturvitaren Nils Axel Nissen (2000, s. 243). Den konstruktivistiske kjønnsforskninga tok eit oppgjær med tradisjonell forskning på homoseksualitet, og særleg med idéen om at han utgjorde noko ein kunne identifisere, definere og generalisere. Vendinga innanfor feltet må sjåast i samanheng med fransk poststrukturalisme, og særleg *Seksualitetens historie* (1976) av Michel Foucault (Nissen, 2000, s. 245). Eit av hovudpoenga til Foucault er idéen om at samfunnet konstruerer «den homoseksuelle», og at han «oppstod» fyrst på 1800-talet:

Det 19. århundres homoseksuelle er blitt en personlighet: en fortid, en historie og en barndom, en karakter, en livsform; dessuten en morfologi, med en påfallende anatomi og kanskje en gåtefull fysiologi. Ingenting av det han er unslipper hans seksualitet. Overalt i ham er den til stede [...]. Man må ikke glemme at den psykologiske, psykiatriske, medisinske kategorien homoseksualitet konstituerte seg den dagen da man karakteriserte den mindre ut fra en type seksuelt forhold, enn via en bestemt måte å bytte om det maskuline og feminine i seg på (Foucault, 1999 [1976], s. 53-54).

Homoseksualitet blir, slik Foucault ser det, i løpet av 1800-talet ikkje lenger berre forstått som ei handling. I staden byrjar ein å snakke om «den homoseksuelle» som ein person med visse trekk og eigenskapar. Ulike *diskursar*, til dømes den medisinske, den religiøse og den juridiske, «skapar» homoseksualitet, og gjennom desse veks «den homoseksuelle» fram som ein identitet, eller som Foucault ville sagt: ein art. 1800-talet, nærmare bestemt 1870, kan ifølgje Foucault difor reknast som året då «den homoseksuelle» blir fødd (Foucault, 1999 [1976], s. 54). Sjølv om det er maktmekanismar og undertrykking av han i sving, gav ein òg «den homoseksuelle» rett til å eksistere fordi ein no har gjeve liv til og konstituert denne forma for seksualitet i samfunnet.

2.2.1. Queer-teori og kritikken av homoseksualitetsdefinisjonar

Teoretikaren Eve Kosofsky Sedgwick har i tillegg til Judith Butler vore svært sentral når det gjeld å etablere queer-teori som fagfelt. Fyrstnemnde stiller seg kritisk til korleis ein definerer homoseksualitet. I boka *Epistemology of the closet* (2008 [1990]) argumenterer Sedgwick for at heile definisjonen av homoseksualitet kviler på eit stort paradoks. På den eine sida tek ein utgangspunkt i at homoseksuelle utgjer ein distinkt *minoritet* som «faktisk» og «stabil» er homoseksuelle. På den andre sida blir ein lengt etter nokon av same kjønn oppfatta slik at det kan påverke og endre andre menneske og identitetar. Med andre ord har homoseksualitet samstundes ei *universaliserande* side ved seg. Paradokset er altså at noko som blir definert som internt, òg plutseleg kan vere eit trugsmaal mot andre sin identitet (s. 85). Dersom «den homoseksuelle» blir definert ut frå både eit minoriserande og eit universaliserande utgangspunkt, vil definisjonen motseie seg sjølv. Det å definere, og konstruere, ein homoseksuell identitet vil med andre ord vere svært problematisk fordi ein vanskeleg kan gjere det utan å motseie seg sjølv.

Judith Butler problematiserer i «Imitation and Gender Insubordination» (1991) som tidlegare nemnt det å bruke termen «homoseksualitet» i forskinga. Særleg i forlenging av Foucault kan det verke som eit paradoks å skulle nytte seg av slike omgrep hevdar Butler: «Indeed, a Foucaultian perspective might argue that the affirmation of “homosexuality” is itself an extension of a homophobic discourse» (s. 14). Butler er svært kritisk til identitetskategoriar, dei er «stumbling-blocks» og «sites of necessary trouble» som forsøker å ta kontroll over seksualiteten dei skildrar i staden for å fungere frigjerande. Men ein må altså låne omgrepet homoseksualitet for å kunne skaffe seg innsikt i kva som dannar grunnlaget for konstruksjonen av ein homoseksuell identitet. Med bakgrunn i korleis identitetsskapande kategoriar blir problematiserte, kan ein seie at formålet med queer-teori er «[...] å unngå fastlagte definisjoner. Den skal ikke la seg assimilere av essenser og det til enhver tid rådende tenkesett. Slik sett er den en pragmatisk teori hvis målsetting er å være i kritisk opposisjon til selvsagte termer som «mann», «kvinne» eller «homoseksualitet» (Waage, 2009, s. 48). I ljøs av eit slikt teoretisk perspektiv er ein med andre ord kritisk til identitetsskapande kategoriar som bygger oppunder eit «oss» og eit «dei». Ein rokkar ved definisjonsmakta når det gjeld seksualitet ved å undergrave og destabilisere ho (Waage, 2009, s. 50). For å samanfatte trådane kan ein seie at queer-teori utfordrar det etablerte gjennom eit kritisk perspektiv på korleis homoseksualitet blir konstruert som ein identitet i samfunnet.

2.2.2. Den homografiske markøren – ein nykel til å gripe den skjulte seksualiteten?

Innleiingsvis nemnde eg at det tvitydige er viktig i samband med å analysere korleis «den homoseksuelle blir skriven fram i romanane. For å sette ord på det tvitydige vel eg å nytte meg av omgrepet *homografisk markør*. Myren-Svelstad (2017) utarbeidde omgrepet for å analysere tvitydige framstillingsformer i Åsmund Sveen sitt forfattarskap (s. 27). Han låner Foucault sitt diskursomgrep for å forklare at homoseksualitet blir definert ut frå å sjå visse element ved «den homoseksuelle»: «Homoseksualitet, i likskap med andre seksualitetar, er derimot ei *diskursivering* av handlingar, drifter, utsjånad, psyke og andre karaktertrekk knytt til det seksuelle subjektet» (s. 26 [original kursivering]). Samtidig er homoseksualitet ein løyndom som ikkje skal omtalast, noko som skal haldast skjult. Eit sentralt poeng i utarbeidinga av dette omgrepet er korleis homoseksualitet blir konstruert gjennom det fleirtydige i eit teikn. Altså at det kan vere snakk om homoseksualitet samtidig som det ikkje treng å vere det (Myren-Svelstad, 2017, s. 27). Det er desse tvitydige teikna som er dei homografiske markørane.

Trekka som representerer «den homoseksuelle» blir til metaforar som blir gjevne ei viss meining. Ein kan i forlenging av dette lese homoseksualitet ut av desse, samtidig som det tvitydige òg mogleggjer andre lesingar. Men dette må ikkje forvekslast med å dekode hemmelege teikn for å avsløre at det *eigentlege* temaet er homoseksualitet. Snarare handlar det om å forstå at homoseksualitet blir konstruert i språket ved å forteie han (Myren-Svelstad, 2017, s. 27-28). Gjennom lesinga av eit av dikta frå Sveen si debutsamling *Andletet* ser ein korleis Myren-Svelstad nyttar dei homografiske markørane for å vise korleis språket mogleggjer ein konstruksjon av homoseksualitet:

Elskhugsakta mellom guten og jorda kan lesast som symbol på eit førestilt samleie. Andletet er vendt nedover, og medan jorda ofte er assosiert med det kvinnelege, blir guten kjærteikna av sol og fallisk gras. Men denne lukkelege overgjevinga til livskreftene viser seg å vera ein illusjon som blir broten. Mannen er delegert til det skuggefylte, ein homografisk markør for det «perverse» og ein erotikk som ikkje toler dagens ljøs [...]. Nettopp det faktum at diktet ikkje avslører direkte kva som føregår mellom guten og mannen, bidreg til å skapa ein effekt av homoseksualitet i teksta (Myren-Svelstad, 2017, s. 93-94).

Ein *kan* altså lese diktet som eit samleie mellom guten og mannen, men dette er ikkje den einaste moglege lesinga av det. Ut frå dette kan ein ikkje hevde at diktet *eigentleg* handlar om eit samleie mellom to menn, men at språket mogleggjer denne lesinga.

Sidan ein homografisk markør kan tolkast som «ikkje homoseksualitet», er han som Myren-Svelstad (2017) skriv «paradoksalt nok med på å skape ein effekt av homoseksualitet» (s. 40). Utforminga av denne teorien ber som nemnt preg av å vere inspirert av Foucault

gjennom fokuset på den tekstlege konstruksjonen av homoseksualitet. Nissen (2000) hevdar at den store gjennomslagskrafta til Foucault heng saman med påstanden om at seksualitet er ein tekstleg storleik (s. 256). Teorien til Myren-Svelstad illustrerer at denne gjennomslagskrafta framleis er ein realitet 40 år etter at Foucault publiserte fyrste bind om seksualitetens historie.

2.2.3. Dei homografiske markørane og intrigen

Det er moglege innvendingar mot å lese romanane med bakgrunn i teorien om at homoseksualitet blir produsert gjennom homografiske markørar. Myren-Svelstad (2017) skriv sjølv at lyrikken truleg eignar seg betre som medium for den homografiske koden enn romanen. Fordi han i seg sjølv er ein gåtefull sjanger, har lyrikken eit større spelerom (s. 37). Han konkluderer med at Sveen sin einaste publiserte roman, *Svartjord*, saman med bygdevisene, utgjer den minst homografiske delen av forfattarskapet (Myren-Svelstad, 2017, s. 153). Eg kan med andre ord ikkje lese *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers ekteskap* på nøyaktig same måte som ovannemnde les Sveen sin lyrikk, men eg må i staden tilpasse lesinga mi etter studieobjekta. Av di eg arbeider med romanar, vil omgrep frå narratologien vere viktige reiskapar i analysen min. Eg kjem i stor grad til å støtte meg på dei narratologiske definisjonane til Petter Aaslestad i *Narratologi: En innføring i anvendt fortelle teori* (1999), men utdjupar dei der det er behov for det.

Med narratologien i mente vil eg heller vurdere forma til romanane som ein styrke, snarare enn ei ulempe når eg analyserer dei. Slik *historia* kan bli rekonstruert i retrospekt frå ei *forteljing*, skriv desse romanane fram «den homoseksuelle» gjennom det tvitydige. Nærmast som i ein kriminalroman kan ein lesar gradvis lese seg fram til at mennene er homoseksuelle gjennom ei lang rekke tvitydige teikn. Med andre ord kan ein seie at det tvitydige blir til det *einstyldige* i romanane til Frich og Knudsen. Ein homografisk markør er med andre ord ikkje noko som er øyremerkte lyrikken sitt domene, og det er eit omgrep som kan brukast for å analysere korleis homoseksualitet blir skriva fram i ulike tekstar.

Ein føresetnad for ei lesarinvolvering som den eg har skissert i avsnittet ovanfor, er likevel at lesaren har ein viss kjennskap til kva det tvitydige *kan* bety. For som tidlegare nemnt *må* ikkje nødvendigvis dei homografiske markørane lesast som homoseksualitet. Myren-Svelstad (2017) hevdar at Frich, trass i sine åtvaringar mot homoseksuelle, samstundes skildra «ein subkultur der dei innforståtte teikna må ha vore allment kjende» (s. 30), noko ein òg kan seie gjeld Knudsen sin roman. Med andre ord spelar altså lesaren og hans kjennskap til samtidas diskurs ei viktig rolle for funksjonen dei homografiske markørane får i samband med

framstillinga av mennene.⁶ Litteraturteoretikaren Mieke Bal (2006) formulerer rolla til lesaren som ein fortolkar av dei litterære karakterane, og at utgangspunktet for denne tolkinga er måten desse karakterane blir medierte på:

The reader can interpret—indeed, can pass judgement on—a character. That is because, in one way or another, the character is readable, or shall we say “visible”: the reader “sees” him. The reader sees him through the medium of an agent other than the character, an agent that sees and, seeing, causes to be seen (s. 13).

Lesaren fungerer altså som ein fortolkar av karakterane, og han må fortolke med utgangspunkt i teksten han les og konteksten han les i. Men karakterane som blir framstilte i teksten har allereie blitt medierte gjennom ein annan instans fyrst: fokalinstanten i teksten.

2.3. Fokalisering og forteljaren si plassering i romanane

I båe romanane denne oppgåva tek for seg, er det snakk om *intern fokalisering*. Fokalinstantane er Linken Bratt og Drude Helmer i høvesvis *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap*. Det einaste unntaket er dei fyrste sidene av romanen til Knudsen. Her kan ein argumentere for at fokaliseringa er *ekstern*, noko Aaslestad (1999) meiner er normalt for romansjangeren (s. 86). Før Drude tar over som fokalinstant, får ein til og med eit raskt innblikk i Agnes, kusina til Drude, sine tankar kring utsjånaden til Drude.⁷ Sjølv om fokaliseringa er variabel innleiingsvis, er den interne fokaliseringa knytt til Drude i resten av romanen. Dette inneber at alle dei andre karakterane omtrent berre blir medierte gjennom dei to forrådte kvinnene. På grunn av dette er det ytre trekk, handlingar og tale, mediert gjennom fokalinstantane, som lesaren får tilgang til når det gjeld framstillinga av mennene. Sjølv om ein ikkje får innblikk i eventuelle seksuelle handlingar (noko som truleg har samband med kva som hadde passert sensuren i samtida), blir mennene filtrerte gjennom eit blikk som forsøker å skape eit inntrykk av deira seksualitet. På bakgrunn av dette kan ein seie at fokalinstantane har seksualiserande blikk. Som resultat blir det visuelle, og ikkje minst persepsjonen av det som kan sansast, av stor tyding når eg skal analysere korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram. I samband med dette er det mellom anna viktig å undersøke om blikket til kvinnene endrar seg etter kvart som forholda til mennene er i utvikling. Karakterane som blir medierte av

⁶ Litteraturvitaren Nils Axel Nissen (2000) lyftar fram kor viktig litteratur er for identitetsutviklinga til menneske, at det skjer ei sosialisering inn i eit miljø gjennom bøker (s. 241). Sjølv om det i dei to romanane blir åtvåra mot «den homoseksuelle», er dei likevel sentrale for skapinga av ein homoseksuell identitet sidan gjenkjenning kan finne stad. Myren-Svelstad (2017) brukar biografien om Ferdinand Finne som eit døme på dette. Her fungerer *I skyggen av Karl Johan* som ein inngangsport til det norske homomiljøet for Finne fordi han gjennom denne romanen blei klar over at denne subkulturen òg fanst i Oslo (s. 29-30).

⁷ Sjå til dømes s. 9 i *Drude Helmers egteskap* for eit døme på at Agnes gjer seg nokre tankar kring utsjånaden til Drude.

fokalinstansane er på si side det Bal (2006) omtalar som *objektet for fokaliseringa* (s. 15). Dette inneber at Linken og Drude medierer sanseintrykka fyrst, og dei tvitydige teikna blir i stor grad presenterte for lesaren slik dei to fokalinstansane oppfattar dei.

Sjølv om dei to romanane har den interne fokaliseringa til felles, skil dei lag når det gjeld eit anna sentralt narratologisk aspekt. Forteljaren si plassering er ulik. Bal (2006) argumenterer ut frå Gérard Genette for at det berre finst fyrstepersonsforteljarar. Forteljaren er ein storleik uavhengig om han er til stades i forteljinga eller ikkje, og det er i staden plasseringa i narrativet som er avgjerande for å klassifisere han (s. 15). Det vil i så måte ikkje gå an å omtale forteljaren i *Drude Helmers egteskap* som ein tredjepersonforteljar. Den avgjerande skilnaden mellom romanane når det gjeld forteljaren, er at romanen til Knudsen har ein *ekstern forteljar* som fortel om livet til Drude, medan det i Frich sin er ein *intern forteljar* som retrospektivt fortel om sitt eige liv. Sjølv om fokalinstans og forteljar tilsynelatande er samanfallande i romanen til Frich, vil dei likevel vere to ulike storleikar, slik som i Knudsen sin roman. Forklaringa ligg i at Linken fortel om seg sjølv på eit anna stadium i livet enn der ho som forteljar er. Forteljarstemma er naiv fordi ho ikkje røper det forteljaren sit og veit no, men heller presenterer sanseintrykka slik den unge Linken oppfatta dei. Den eksterne forteljaren i *Drude Helmers egteskap* kan òg kallast naiv av di han heller ikkje kommenterer dei tvitydige teikna. Bal (2006) argumenterer for at forteljaren utgjer eit eige narratologisk nivå ved å vise til korleis forteljaren formar teksten basert på fokalinstansen si oppfatning av den fiktive verda. Det fortalte er ifølgje teorien til Bal *forteljaren sitt objekt* (s. 14-15). Resultatet er at forteljaren òg kan påverke kva lesaren les fordi det er gjennom den som «fører» ordet at lesaren får innblikk i sanseintrykka til fokalinstansen (Bal, 2006, s. 13). Det er altså snakk om to ledd med mediering før lesaren får presentert dei andre karakterane. Altså må lesaren, med bakgrunn i det fokalinstansen sansar og det forteljen fortel, danne seg eit bilete av karakterane.

2.4. Samspelet mellom litteratur og sexologi

Analysen min av *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* kjem til å basere seg på både dei tekstlege sidene ved romanane og kontekstuell informasjon. I så måte er analysen min influert av *nyhistorismen* og samspelet mellom litteratur og kontekst som denne teoretiske retninga forfektar. Nissen (2000) framhevar dette dualistiske samspelet som ein styrke ved nyhistorismen i møte med litteratur: «Det er nyhistorismens største styrke at den har både en sofistikert, poststrukturalistisk forståelse av litteraturens tekstlighet og en levende interesse for litteraturens historiske situerthet» (s. 257). Denne tankegangen bringar eg med meg inn i

oppgåva mi. Min analyse er basert på ein idé om at «den homoseksuelle» ikkje blir skriven fram i eit vakuum, men at romanane tar opp i seg og (re)produserer visse oppfatningar av han.

Litteraturvitaren Anna Katharina Schaffner argumenterer for eit slikt samspel mellom litteratur og sexologi i boka *Modernism and Perversion: Sexual Deviance in Sexology and Literature, 1850-1930* (2012). Ho hevdar at homoseksualitet som tema i litteraturen og som emne innanfor vitskapen påverka kvarandre gjensidig på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet:

The conceptual transfer between literature, medicine and psychology, between imaginary and scientific narratives, works in both directions. Whilst the architects of sexology drew upon literary sources to develop and support their theories, their own conceptions, in turn, fed back into the literary narratives of the modernists (s. 23).

Sexologane såg til litteraturen for å utvikle og finne prov for sine teoriar, medan forfattarane på si side lét seg inspirere av desse teoriane når dei skreiv. Richard von Krafft-Ebing, den kanskje mest sentrale sexologen på 1800-talet, bruka litteraturen som kjelde i sine kartleggingar av «perversjonane», skriv historikaren Harry Oosterhuis (2000, s. 255-256). Nissen (2000) formulerer samspelet mellom litteraturen og samtida som ein skapande prosess: «Litteratur er en minst like viktig kilde til innsikt i kjønn og seksualitet som juridiske, medisinske og moralske tekster. Litteraturen er skapt av samtiden, men den skaper også samtiden» (s. 259). Litteraturen kan altså bidra til vår forståing av fortida på lik linje med dei andre kjeldene til innsikt frå sitatet over. Litteraturen er ein del av den større diskursen ein har kring homoseksualitet saman med til dømes jus, medisin og religion, og han er både påverka av og påverkar samtidas oppfatningar av homoseksualitet. I neste kapittel er det av den grunn den historiske konteksten til romanane, med vekt på sexologi, som skal stå i fokus. Med utgangspunkt i Eve Kosofsky Sedgwick skal eg likevel fyrst problematisere det å greie ut om homoseksualitetsforståinga i samtida til romanane.

3. Homoseksualitet som «fenomen» i samtida til romanane

3.1. Sedgwick og sameksistensen til ulike forståingsmodellar

Formålet med dette kapittelet er å gje eit lite innblikk i dei kontekstuelle rammene som meir eller mindre implisitt er med på å forme *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap*. Det lèt seg likevel vanskeleg gjere å presentere eit kort og samanfatta bilete av korleis homoseksualitet faktisk blei forstått på eit visst tidspunkt. Ein må i staden snakke om tendensar, og på ei og same tid kan det vere fleire og til dels motseiande oppfatningar av homoseksualitet. Ifølgje Sedgwick (2008 [1990]) er det å seie at homoseksualitet blir definert *slik* og *slik* på eit visst tidspunkt problematisk fordi ein då undergrev at det i realiteten eksisterer mange ulike definisjonar til same tid (s. 45). Vidare står det:

[I]ssues of modern homo/heterosexual definition are structured, not by the supersession of one model and the consequent withering away of another, but instead by the relations enabled by the unrationalized coexistence of different models during the times they do coexist (Sedgwick, 2008 [1990], s. 47).

Snarare enn at ein forståingsmodell erstattar ein annan, er det ulike forståingsmodellar som sirkulerer til same tid. At eg ikkje kan samanfatte éi forståing av homoseksualitet i dette kapittelet, er viktig å ha i mente når eg nedanfor skal gje ei kort innføring i nokre hovuddrag frå sexologien i samtida til romanane. Det får òg konsekvensar for analysen min. Når fleire forståingsmodellar eksisterer side om side, vil forståinga av homoseksualitet som kjem til uttrykk i romanane potensielt kunne vere både sjølvmotseiande og inkonsekvent. Eg må sjå etter spor av ulike forståingsmodellar som kan ha påverka innhaldet i romanane og vere merksam på inkonsekvens. Eg kan heller ikkje påstå at noko er den uomstridde sanninga kring korleis homoseksualitet *eigentleg* blei forstått og skrive om i litteraturen.

3.1.1. Krafft-Ebing og overgangen frå «syndar» til «avvikar»

Eit av dei mest omfattande arbeida med historiske oppfatningar av homoseksualitet i Noreg er avhandlinga til historikaren Runar Jordåen, *Inversjon og perversjon: Homoseksualitet i norsk psykiatri og psykologi frå slutten av 1800-talet til 1960* (2010). I Noreg var den tyske psykiatrien ei viktig kjelde til kunnskap om homoseksualitet, og særleg Richard von Krafft-Ebing hadde ifølgje Jordåen (2010) stor påverknad her til lands (s. 116). Krafft-Ebing var den fyrste til å skildre og klassifisere det ein omtala som «seksuelle perversjonar», og *Psychopathia Sexualis* frå 1886 enda opp som ein milestolpe i sexologien med heile tolv reviderte utgåver (Schaffner, 2012, s. 45). Ifølgje Oosterhuis (1997) fekk Krafft-Ebing si kartlegging av perversjonane mykje større gjennomslagskraft i samtida enn det som opphavelg var tenkt. I

fyrstninga var målgruppa advokatar og legar som trong kompetanse for å kunne diskutere seksuelle lovbrøt i retten (s. 70). *Psychopathia Sexualis* fekk derimot merksemd langt utanfor denne målgruppa, og ho blei ein bestseljar i si eiga samtid (Oosterhuis, 1997, s. 80). Ei forståing av homoseksualitet som den i *Psychopathia Sexualis* ser altså ut til å ha fått eit stort publikum i samtida basert på populariteten.

Idéen om at homoseksualitet var *inversjon*, stod sterkt på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. Fleire psykiatrar, inkludert Krafft-Ebing, såg på homoseksualitet som ei ombyting av det mannlege og det kvinnelege. Opphavet til å forstå homoseksualitet som inversjon kom gjennom den tidlege homoaktivisten Karl Heinrich Ulrichs, som argumenterte for at det var snakk om ei kvinneleg sjel fanga i ein mannskropp eller omvendt (Oosterhuis, 1997, s. 72). Med utgangspunkt i ei slik forståing av homoseksualitet oppstod det ei uklår grense mellom det maskuline og det feminine, og «den homoseksuelle» blei konstruert som eit kjønns-overskridande subjekt. Heilt sentralt i Krafft-Ebing si kartlegging var òg skiljet mellom *perversitet* og *perversjon*, der perversjonane blei rekna for å vere sjukdommar og ikkje lenger umoralske handlingar (Schaffner, 2012, s. 46-47). Med dette skiljet blir fokuset flytta frå dei seksuelle handlingane og over på personen som utfører dei. Ifølgje Schaffner (2012) må ein forstå Krafft-Ebing sine teoriar i forlenging av læra om *degenerasjon* frå slutten av 1800-talet. Ein meinte menneske risikerte å tileigne seg visse eigenskapar i eit miljø, som deretter kunne vidareførast til neste generasjon gjennom arv. Ein trudde dette førte til at arvematerialet gradvis blei svekka (s. 47-48). Ei slik forståing av homoseksualitet var sentral godt inn på 1900-talet hevdar Jordåen (2010). Ein trudde det var noko ein potensielt kunne bli utsett for, påverka av og vidareføre til neste generasjon (s. 101).

Gjennom idéen om at nokre handlingar og påverknad frå visse miljø kunne føre til homoseksualitet, får samfunnet avgrensa homoseksuelle menn til ein *minoritet* samfunnet må tryggast mot (Jordåen, 2010, s. 158). At homoseksuelle blei rekna for å vere ein minoritet, men samstundes eit trugsmål mot samfunnet, er synleg i straffelovas §213 frå 1902.⁸ Martin Skaug Halsos (2007) argumenterer for at denne paragrafen var moderne i skandinavisk samanheng. Sidan det berre var snakk om påtale ved allmenne omsyn, blei i praksis forbodet mot likekjønna sex mellom menn oppheva. Paragrafen hadde derimot utspring i ein idé om at homoseksualitet var noko som kunne spreie seg (s. 91). Eksemplifisert gjennom §213 inneheld ei slik forståing

⁸ Ordlyden i §213 frå 1902: «Finder utugtig omgjængelse sted mellem personer af mandkjøn, straffes de, der heri gjør sig skyldige eller som medvirker dertil, med fængsel indtil 1 aar. Med samme straf ansees den, som har utuktig omgjængelse med dyr. Paatale finder alene sted, naar det paakræves af almene Hensyn» (Sitert i Jordåen, 2010, s. 126).

av homoseksualitet eit stort paradoks. Samstundes som «den homoseksuelle» blei ein minoritet i samfunnet, var lovgivinga allmennpreventiv og skulle hindre homoseksualitet i å spreie seg. Med bakgrunn i Sedgwick (2008 [1990]) vil ei slik forståinga av homoseksualitet både kunne omtalast som minoriserande og universaliserande på same tid, noko som i realiteten bidreg til å undergrave heile paragrafen som ei umogleg motsetting.

Visse eigenskapar og karaktertrekk blei bruka for å diagnostisere homoseksualitet som degenerasjon, og Krafft-Ebing framhevar mellom anna kunstnariske evner: «In the majority of cases, psychical anomalies (brilliant endowment in art, especially music, poetry etc., by the side of bad intellectual powers or original eccentricity) are present, which may extend to pronounced conditions of mental degeneration (imbecility, moral insanity)» (Krafft-Ebing, 1903, s. 223, sitert i Schaffner, 2012, s. 47). Samstundes som oppfatninga til Krafft-Ebing i *Psychopathia Sexualis* var at «den homoseksuelle» hadde svekka intellektuelle evner, dreg han ei kopling mellom det å vere homoseksuell og det å vere kunstnar. Essayet «Gedanken zum Sexualitätsproblem» (1922)⁹ av den danske forfattaren Herman Bang er eit anna døme der same syn blir forfekta. Han skriv: «At homoseksualitet står i eit merkeleg og uutgrunneleg forhold til kunstnarlege anlegg, står for meg heilt utan tvil» (Bang, 1998 [1922], s. 110). Oppfatninga om at kunstnaryrke hadde ein høgare part homoseksuelle enn andre yrkesgrupper, ser ut til å vere ei oppfatning som fekk gehør i samtida til romanane.

Med denne innføringa i mente skal eg no kort gå inn på korleis det var vanleg å framstille «den homoseksuelle» i tida fram mot då *I skyggen av Karl Johan og Drude Helmers egteskap* blei gjevne ut. For å gjere dette tar eg utgangspunktet i boka *The Image of Man: The Creation of Modern Masculinity* (1996) av historikaren George L. Mosse.

3.2. Framstillingar av «den homoseksuelle»

Frå slutten av 1700-talet byrja det ifølgje Mosse (1996) å danne seg eit maskulint manndomsideal i Europa. Det oppstod ein viss konsensus kring kva den moderne maskuliniteten var samansett av, og i denne konsensusen var personlegdom, utsjånad, veremåte og framferd inkludert (s. 19). Inspirasjonen til den maskuline idealkroppen fekk ein gjennom studiet av dei greske skulpturane frå antikken. Den maskuline idealmannen skulle vere smidig og muskuløs, slik at både kroppen og andletet var velproporsjonerte (s. 29). Det maskuline idealet bestod med andre ord av å ha ein godt trena kropp, der alle delane skulle vere i perfekt

⁹ Essayet blei skriva av Bang i 1909, og han ynskte at det skulle bli publisert fem år etter at han var død, men trass i Bang sitt ynske, blei det fyrst publisert i 1922 (Gatland, 1998, s. 106). Med andre ord blei essayet eigentleg skriva svært nærme dei to romanane i tid.

harmoni med kvarandre, for ein meinte utsjånad reflekterte moral (s. 56). Samstundes som ein stadfesta eit manndomsideal ut frå visse trekk, konstruerte ein òg ein *motype* (countertype) med utgangspunkt i dei motsette trekka.

Dei motsette trekka blei i stor grad assosiert med dei gruppene ein rekna som avvikarar i samfunnet. Mosse (1996) hevdar at desse mottypene i stor grad blei konstruerte med utgangspunkt i jøden: «The salient features of the Jew as stereotype [...] were shared in some measure by all outsiders whether Gypsies, homosexuals, blacks, habitual criminals, or the insane. All of them were as stereotypes ugly, ill-proportioned, and fidgety» (s. 65). Ein ser at trekka som blir lista opp her i stor grad er negative speglingar av idealmannen sine trekk. I tillegg var det å framstille «den homoseksuelle» i lite mannlege positurar ein endå vanlegare framgangsmåte for å vise at dei avveik frå manndomsidealet (s. 70). På tilsvarande måte som andre marginaliserte grupper i samfunnet blir «den homoseksuelle» konstruert som ein motype til det moderne maskuline idealet ut frå visse kroppslege trekk og rørsler. Denne måten å framstille «den homoseksuelle» på ser ein at i stor grad samsvarar med både idéen om degenerasjon og inversjon.

Fram til dette punktet har eg presentert det teoretiske grunnlaget for denne oppgåva, samt sentral kontekstuell informasjon frå samtida til *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap*. Sidan eg i neste kapittel skal ta fatt på sjølve analysen, er det nyttig med ein kort repetisjon av nokre sentrale haldepunkt når det gjeld kva eg skal sjå etter. Eg skal analysere korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram i dei to romanane. Av di omgrepet homoseksualitet ikkje er bruka i romanane, er det snakk om ei form for seksualitet som ligg skjult i teksten. Eg skal forsøke å gripe denne seksualiteten gjennom det tvitydige i framstillinga av mennene, altså det som i ljøs av samtida til romanane *kan* lesast som eit teikn på homoseksualitet. Sidan den som sansar er utgangspunktet for medieringa som framstillinga av mennene er basert på, kjem fokalisering til å vere eit sentralt omgrep i analysen min. Romanane blei ikkje skrivne i eit vakuum, og undervegs i analysen kjem eg til å trekke inn kontekstuell informasjon, for å vise korleis dei to romanane har tatt opp i seg element frå kringliggande diskursar når «den homoseksuelle» blir skriven fram. I det følgjande kapittelet vil eg fyrst undersøke korleis romanane skriv fram «den homoseksuelle» gjennom ytre karakteristikkar ved å fokusere på yrke, utsjånad og veremåte. I det andre analysekapittelet, kapittel fem, viser eg korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram som eit trugsmål mot ekteskapet og samfunnet på grunn av funksjonen han får i romanane.

4. Etableringa av «den homoseksuelle» si ytre form

4.1. «Den homoseksuelle kunstnaren» – eit metonymisk samband blir skapa

Tidlegare i oppgåva har eg avklart korleis homoseksualitet kan analyserast ut frå det tvitydige i dei homografiske markørane. Føresetnaden er at det tvitydige blir oppfatta av lesaren ved at ei form for attkjenning i teksten finn stad. Min tese er at denne attkjenninga kan finne stad både gjennom ulike samband som blir etablerte internt i romanane, og på grunn av kringliggande diskursar om homoseksualitet. Dei to formene for attkjenning treng derimot ikkje å inntreffe kvar for seg, og i analysen min skal eg syne korleis dei interne sambanda blir styrkte av kringliggande diskursar. Eg har funne to metonymiske samband som blir etablerte i båe romanane. Det fyrste er sambandet mellom kunstnaren og «den homoseksuelle». Eg vel å skrive om kvar roman i eit eige underkapittel, for dette sambandet blir etablert noko ulikt i *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap*. Det andre metonymiske sambandet blir etablert mellom skodespelaren og «den homoseksuelle». Dette sambandet er på mange måtar underordna det fyrste, men av di skodespelaren skil seg frå dei andre kunstnarane gjennom ein allegorisk bruk i tillegg, skal eg analysere dette sambandet i eit eige underkapittel. I dette underkapittelet skal romanane handsamast under eitt av di likskapane mellom dei er så store.

Metonymien er ifølgje litteraturvitaren Mads B. Claudi (2010) ei omskriving der eit omgrep som slektar på eit anna blir bruka i staden for det opphavlege (s. 107). I utgangspunktet er det ikkje noko samband mellom det å vere kunstnar og det å vere homoseksuell. Når eg hevdar at «den homoseksuelle» blir skriven fram gjennom eit slikt metonymiske samband, betyr det at teksten produserer ei form for slektskap mellom «den homoseksuelle» og kunstnaren. Dette sambandet blir etablert ved at kunstnaren blir kopla saman med homoseksualitet gjennom å samle ulike ord og karaktertrekk i ei semantisk «kjede». Framstillinga av kunstnaren tek utgangspunkt i dei same orda som framstillinga av «halvmannen», ei metaforisk omskriving for «den homoseksuelle», og vice versa. Gjennom å gjere desse mønstera synlege, skal eg vise at sambanda ikkje er tilfeldige, men eit bevisst verkemiddel brukt i romanane for å skrive fram «den homoseksuelle». Fyrst ut er *I skyggen av Karl Johan*.

4.1.1. Dei falske kunstnarane i *I skyggen av Karl Johan*

Karl Howitz er ikkje nokon kunstnar sjølv, trass i at han er flink til både å synge og å ordlegge seg. Av yrke er han fabrikkarbeidar, men ein får tidleg vite at omgangskrinsen hans i all hovudsak er ei samansetting av ulike kunstnarar. I sitatet nedanfor har Karl invitert ein skodespelar og nokre andre kjenningar til ein supé. Linken kjem heim noko seinare enn ektemannen og dei

andre gjestane, og som eit *tablå* betraktar ho her dei andre gjestane som allereie er på plass i stova hennar:

Og paa det hvite skind laa den bekjendte skuespiller i kjole og fiolet vest i en smegtende attitude. Min mand sat paa en skammel og talte dæmpet med hædersgjesten. Rundt om dem var det øvrige selskap gruppert i maleriske stillinger. Der stod den unge pianist ved siden av sin musklærer, der lænet den bekjendte maler, som aldrig malte, sig op til flygelet ved siden av den rødblonde grosserer (Freimann, 1912, s. 52-53).

Sitatet fungerer som ein presentasjon av gjestane, men det er òg ein presentasjon av omgangskrinsen til Karl. Mennene blir kopla opp mot kva for yrke dei har, samstundes som det kort blir skildra korleis dei ter seg. Personane i stova blir skildra som om dei var del i eit måleri, noko som tyder på at Linken oppfattar samkoma som unaturleg og kunstig. Heile stova er prega av eit kunstnarisk rammevilkår, der kunsten er overordna selskapet og mennene som er til stades. Det som skjer i stova, står som ein kontrast til den verkelege verda ho kjem frå utanfor fordi det er noko uekte over alle personane som er til stades. Målaren som aldri målar, og seinare forfattere som aldri skriv, tyder dessutan på at mennene som blir nemnde er inautentiske og falske, noko som underbygger den unaturlege kjensla Linken kjenner på knytt til settinga. I alt har sju av gjestane i stova ei eller anna form for kunstnarisk bakgrunn. På grunn av at kunstnarane er i fleirtal, blir kunstnaryrket framheva som den viktigaste yrkesbakgrunnen i selskapet, trass i at alle gjestane er med på å skape den kontrastfylte ramma kring supéen til verda utanfor.

Vidare blir det tvitydige ved gjestane projisert over på heile atmosfæren dei produserer i fellesskap. Stemninga blir skildra som annleis, intens og i overkant forfina, og alle elementa heng saman med kven som er til stades i selskapet:

Der snakkedes uavladelig, men det var ikke den almindelige konversations jevne larm. Der stod en egen hektisk glød av deres ord – den blandet sig med den raffinerte belysning og den sterke vellugt og gav det hele milieu en eiendommelig sordinert intensitet, en vek, stakaandet vellyst, som virket baade uhyggelig og besnærende (Freimann, 1912, s. 53).

Det tvitydige ved karakterane smeltar saman med miljøskildringa, eit miljø som er både dempa og intenst, uhyggeleg og forlokkande på same tid. Dessutan ser ein at det er noko «veikt» over heile settinga. Sagt med andre ord er miljøet vanskeleg å sette ord på fordi det er *både og*, men det er ei nærmast utvitydig seksuell ladning som pregar atmosfæren. Sidan fleirtalet er kunstnarar, er denne miljøskildringa meir direkte kopla opp mot kunstnarane enn dei andre

gjestane som er til stades, utan at dette gjer dei andre gjestane noko mindre delaktige i å skape atmosfæren som blir skildra.

Deretter blir gjestane omtala som eit «dusin forelskede halvmænd» (s. 57), og gjennom denne metaforiske formuleringa blir det tvitydige sett i samanheng med ein lengt etter andre menn. At alle mennene er forelska i kvarandre, er ein *hyperbol*, og må lesast som ei overdriving med mål om å understreke at det ikkje er snakk om ein lengt etter det kvinnelege, representert ved Linken, men at mennene potensielt kunne ha vore forelska i kvarandre. På grunn av halvmannmetaforen skjer det ei avgrensing. Gjestane blir stempla som lite maskuline, i tillegg til at menn med ein lengt etter menn blir tydeleg skilde frå menn som ikkje har denne lengten. Denne metaforen heng saman med det tvitydige i framstillinga av mennene. Halvmannen er ikkje ein mann fullt ut, men ein tvitydig kjønnskikkelse.

Sambandet mellom kunstnaren og halvmannen kjem òg til syne seinare i romanen. Linken forlèt som sagt Karl, og i sitatet nedanfor ser Linken sin tidlegare ektemann gå i lag med skodespelaren frå supéen. Båe to blir omtala som halvmenn, og halvmannen blir skildra med ord som minner mykje om dei orda som blei bruka for å skildre gjestane til Karl og atmosfæren dei skapa:

Ja – der gik den nye tids type, halvmændene, som fra avgrundens mulvarpgange glider ind i samfundets lys med speidende vaktsumme fosforøine, – smidige, sleipe og vaakne. [...] Ve over dem! De dækker kunsten og litteraturen med sit slim, de forpester hjemmene med sin giftige aande, de forvrænger naturens skjønneste idé, – de kvæler manddommen, de lægger kvindens ædleste instinkter øde! . . . (Freimann, 1912, s. 86).

Sitatet impliserer at halvmannen er lyssky og har noko å skjule, ein homografisk markør for den «perverse» lengten. Han er vaksam og sleip, noko som indikerer at dette er falske menn ein ikkje kan stole på. Halvmannen blir dessutan direkte kopla til kunsten og litteraturen på same måte som gjestane til Karl blir kopla til ulike kunstnaryrke. Når det er snakk om å dekke kunsten og litteraturen med sitt slim, ymtar framstillinga om at mennene representerer eit forfall i samfunnet. Fokuset på lukt og ande skapar ei forbinding mellom dette sitatet og atmosfæren i Karl sin supé. Ordvalet bidreg av den grunn til å skape ein raud tråd i romanen. Då Linken avslutta selskapet og heiv mennene ut, var det viktigaste å få lufta ut etter mennene som hadde vore i heimen hennar: «Op med alle døre og vinduer, kommanderte jeg. Luft ut!» (s. 61). Når ein seinare altså får vite at halvmannen forpestar heimane med sin giftige ande, er det innforstått at Linken si utlufing av stova inneber noko meir enn berre å fjerne den faktiske lukta i rommet. Det handlar om å avgrense skadane som slike menn påfører heimane rundt om i samfunnet. Den direkte koplinga mellom halvmannen og kunsten sementerer sambandet, slik at det

førekjem som ei naturleg kopling at kunstnarar er homoseksuelle. Sjølv om det er ei direkte kopling mellom halvmannen og kunsten, er den indirekte koplinga som er til stades på grunn av at kunstnarane er i fleirtal i selskapet like viktig for å etablere eit samband. Dei utgjer majoriteten i det som elles er ein tilsynelatande liten krins av menn. Når kunstnarane utgjer fleirtalet av gjestane, blir sambandet mellom kunstnarane og halvmannen gjort endå tydelegare samanlikna med dei andre mennene til stades.

Alternativt kan framstillinga av mennene òg bli forstått ut frå det borgarlege miljøet karakterane er ein del av. I dette miljøet vil tittel og yrkesbakgrunn vere noko som er viktig å nemne med tanke på sosial status. Slik sett er det tilsynelatande ikkje noko spesielt at så mange av mennene har kunstnarbakgrunn og blir presenterte ut frå han. Det å vere kunstnar har ikkje noko eigentleg slektskap med det å vere homoseksuell, men eg meiner likevel romanen etablerer eit slikt metonymisk samband gjennom ulike koplingar som ein kan kjenne att i teksten. Den historiske konteksten til romanane styrker argumentet om at det å vere kunstnar er ein homografisk markør, for eit liknande slektskap mellom det å vere homoseksuell og det å ha kunstnariske evner ser ein i sexologien på slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet. I kapittel tre viste eg mellom anna til Krafft-Ebing si utgreiing av forholdet mellom det å vere homoseksuell og å ha kunstnarleg anlegg.

4.1.2. Den tvitydige musikken i *Drude Helmers egteskap*

Framhevinga av kunstnaren finn ein att i *Drude Helmers egteskap*, men på ein litt annan måte enn i *I skyggen av Karl Johan*. I denne romanen er det mannen Drude giftar seg med som har kunstnariske evner. Erik Hench er ein ung og lovande pianospelar, og han har ei formidabel evne til å trollbinde tilhøyrarane med tonane sine: «Publikums begeistring var overvældende, de kastet blomster til ham og fremkaldte ham gang paa gang» (Knudsen, 1913, s. 7). Erik blir med andre ord framstilt som ein usedvanleg dyktig musikal i sitatet ovanfor. Allereie her er det mogleg å dra ein parallell til Krafft-Ebing, for ei oppfatning av «den homoseksuelle» som ein med framifrå musikalske evner lyder kjent. Krafft-Ebing kan endå tydelegare lesast inn i framstillinga av Erik sin ven og musikarkompanjong, Henning Gran. Hjø Henning er dei kunstnariske evnene så framifrå at andre ferdigheiter ser ut til å mangle. På grunn av dette er han vanskeleg å forstå seg på, noko som gjer Drude både uroleg og skeptisk innstilt han: «Og hun visste aldrig hvor hun hadde ham henne, han var aldrig rigtig med – undtagen naar det gjaldt musik og malerier. Der var han kjender, og naar han kom ind paa de temaer var det en nydelse at høre paa ham» (Knudsen, 1913, s. 37). Slik det førekjem ovanfor er det ikkje tvil om at kunst er eit felt Henning briljerer på. Men slik Drude oppfattar han, er det andre ferdigheiter som er fråverande, og slike manglar kan lesast som eit teikn på degenerasjon.

Det er ein negativ aura kring Henning som person, og denne auraen bidreg til å skape eit urovekkande bakteppe til relasjonen mellom han og Erik. Denne uroa må seiast å ha samband med korleis relasjonen mellom Drude, Erik og Henning blir framstilt. Relasjonen mellom dei tre karakterane er på mange måtar eit trekantdrama, der musikken er den viktigaste komponenten i framstillinga. På grunn av korleis Drude oppfattar situasjonen, blir det skapa eit inntrykk av at Henning i stor grad erstattar Drude når Erik er saman med han. Drude spelar i likskap med Henning fiolin, ho har studert musikk og var i starten av ekteskapet mykje på musikkrommet saman med Erik. No er det Henning som har teke denne plassen, og Drude føler seg overflødig: «*Nu* – – ja han spiller nok for *mig* endda, men jeg er slet ikke nødvendig for ham lenger. Især siden Henning Gran kom hjem, og de to begyndte at spille saa meget sammen – –» (Knudsen, 1913, s. 82). Erik har ikkje lenger same behovet av å vere saman med Drude når Henning er i byen, og kombinert med den urovekkande kjensla som er forbunden med relasjonen mellom Erik og Henning, kan lese dette som andre behov enn dei musikalske.

Tidleg kjem det fram at forholdet mellom Erik og Henning ikkje nødvendigvis berre er profesjonelt, noko som utvidar tolkingsmoglegheitene. I ei av åtvaringane Drude får, blir Henning navngjeven og trekt fram som ei årsak til at ho ikkje bør inngå ekteskap med Erik: «[T]o dage senere kom der et nyt brev, dennegang fra en kvindelig slegtning av hende, som av og til kom hos tante Augusta. Det var alvorlig og indtrængende, og der stod noget om Henning Gran» (Knudsen, 1913, s. 38). Dessutan kan ein seie at dette brevet får endå meir kraft gjennom at ein allereie veit bakgrunnen for åtvaringane: Familien til Drude meiner Erik er ein av dei som «er glad i mænd» (s. 27). Den urovekkande kjensla ser ein altså at kan koplast opp mot to menn som har eit intimt forhold.

Ein kan lese det slik at det er noko ved forholdet mellom dei som ikkje er av musikalsk karakter. Ein får ei tydeleg stadfesting på at forholdet mellom Erik og Henning kan oppfattast som tvitydig gjennom ein samtale mellom to kvinner som Drude overhøyrer: «Jeg var paa koncerten deres i Bergen isommer. Aa, kor væmmelig det var at se paa dem! Men Gud bevare mig vel som de spiller sammen – –» (Knudsen, 1913, s. 109).¹⁰ På den eine sida er det noko urovekkande og fælsleg over relasjonen, men på den andre sida spelar dei fantastisk saman. Ein kan ikkje seie det same om musikken Erik og Drude spelar saman: «Hun skjønte, at han var skuffet, og lovet sig selv at det skulde bli siste gang hun gjorde det» (s. 51). Drude og Erik spelar ikkje noko fint saman; dei er ikkje kompatible. Ut frå dette kan ein lese at Drude ikkje berre blir erstatta av Henning, men ho blir erstatta av ein som er meir kompatibel med Erik enn

¹⁰ Bergensdialekta til kvinnene blir bruka i romanen, og «kor» er ikkje ein skrivefeil.

ho. På denne måten kan musikken Erik og Henning spelar saman lesast som ein homografisk markør for det intime forholdet mellom to homoseksuelle menn. På tilsvarende måte ymtar musikken om at Drude og Erik ikkje passar saman, og denne ymtinga bidreg til å styrke kjensla av at musikken kan lesast tvitydig.

Koplinga mellom det å vere kunstnar og homoseksuell finst òg andre stadar i romanen, og desse koplingane har meir til felles med det sambandet som blir etablert i *I skyggen av Karl Johan*. Når Hedvig, ei venninne av Drude, oppdagar ein gift mann på teateret med sitt mannlege sidesprang, blir han òg presentert med yrke: «Nei, men det er for væmmelig! Hedvig gjorde et nyt utfald med kikkerten –. Der sitter han midt i orkesterplads med sin nye elsker og sin gamle kone! Drude snudde sig braat: Hvem? Carsten Arnesen vel, forfatteren» (Knudsen, 1913, s. 68). Her kjem det fram at forfattaren i salen har eit intimt forhold til andre menn. Ein får altså berre vite at han er utru med menn og at han har eit kunstnarisk yrke, noko som gjer det lett å kople desse to karakterskildringane saman. Seinare får ein dessutan vite at Carsten er ein ven av Erik, og at Drude kjenner han frå før av gjennom mannen sin: «[V]i var da ute i begyndelsen ogsaa, og dengang hygget jeg mig ved det. Især hos Carsten Arnesen [...]. – Men saa tok venskapet til Tor Holger mere og mere overhaand» (s. 81). Her må ein stoppe opp litt for samle trådane kring korleis det metonymiske sambandet mellom kunstnaren og «den homoseksuelle» er i ferd med å bli etablert. Forholdet som utviklar seg mellom Erik og Henning er forankra i musikken som dei to kunstnarane spelar saman. Samstundes får ein vite at Erik frå tidlegare av er ven med ein annan kunstnar, ein forfattar ein veit har mannlege sidesprang bak kona sin rygg. I tillegg er det ein ny person som har blitt introdusert: Tor Holger.

Ein ser at Drude òg oppfattar forholdet mellom Erik og Tor Holger som negativt. I likskap med forholdet Erik har til Henning, er dette forholdet forbunde med ei urovekkande kjensle hjå Drude. Legg dessutan merke til at sitatet nedanfor, som skildrar Tor Holger og omgangskrinsen hans, på mange måtar minner om presentasjonen av omgangskrinsen til Karl som eg siterte i førre underkapittel: «Han er disponent og bor oppe i Kirkeveien, har et hyggelig hjem, er ungkar og meget selskapssyk. Der er bestandig fremmede hos ham, baade kunstnere og andre – ja, du har kanskje været der, han omgaaes flere skuespillere» (Knudsen, 1913, s. 81). At kunstnarane og skodespelarane blir framheva i dette sitatet, blir kamuflert elegant gjennom det faktum at Hedvig òg er skodespelar, samtidig som naiviteten til Drude blir blottlagd. Ho trur det at Tor Holger har skodespelarar på besøk, betyr at Hedvig kanskje òg har vore på vitjing hjå han. I staden får ein vite at Hedvig ikkje kjenner til Tor Holger, og det er «vist mest herrer» (s. 81) som besøker han. Replikkutvekslinga mellom Drude og Hedvig gjer at omgangskrinsen til Tor Holger kan lesast som tvitydig fordi ho viser at han er open og lukka på same tid. Slik

det førekjem, er han er open i form av at framande har tilgang, men lukka i form av at til dømes Hedvig ikkje har, sjølv om ho er skodespelar. Det å få innpass ser ut til å vere knytt til det å ha eit kunstnarisk yrke og det å vere mann. At møta mellom mennene er eksklusive og skjulte, er ein homografisk markør for eit relasjonsforhold som ikkje toler dagens ljøs. Sidan det er kunstnarane og skodespelarane som blir framheva, får desse yrka får ei sterkare kopling til det «perverse» som ein kan lese ut av at krinsen er skjult.

Ut frå desse to underkapitla ser ein at både i *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* etablerer eit samband mellom kunstnaren og halvmannen. Sjølv om ein kan argumentere for at kunstnariske yrke var vanleg i det borgarlege miljøet, ser ein at det blir etablert visse band som ikkje nødvendigvis kan forklarast ut frå dette. Analysen min viser i så måte at litteraturen òg bidreg til å etablere det same sambandet som Krafft-Ebing gjer. Ein kan seie at både romanane går i dialog med andre diskursar når det gjeld å skrive fram «den homoseksuelle» gjennom kunstnaren. Dei metonymiske sambanda gjer at lesaren kan gå tilbake i teksten og forstå kunstnaren på ein ny måte. Det å vere kunstnar i seg sjølv fungerer som ein homografisk markør fordi denne yrkesbakgrunnen er tvitydig både på grunn av sambanda som romanane etablerer internt og ut frå konteksten då dei blei utgjevne.

4.1.3. Skodespelaren – både metonymi og allegori?

Av di ein skodespelar er ein scenekunstnar, kan ein seie at han berre er ein presisering av eit kunstnarisk yrke. Skodespelaren hamnar med andre ord under ein «kunstnarparaply» i lag med til dømes pianospelaren, forfattaren og målarer. Eg vel likevel å skilje ut skodespelaren i eit eige kapittel. Årsaka til dette er at han blir framheva over dei andre kunstnarane i både romanane, samstundes som det metonymiske sambandet mellom skodespelaren og «den homoseksuelle» blir bruka for å utvikle eit allegorisk biletspråk knytt til det å spele ulike roller. Allegorien skil seg frå metonymien ved at noko på det konkrete planet har ei fast overført tyding (Claudi, 2010, s. 23). Å kople skodespelaren til eit allegorisk biletspråk inneber altså at han får ei fast overført og biletleg tyding i romanane. Med bakgrunn i denne ekstra funksjonen er det naudsynt å handsame skodespelaren delvis lausrive frå det metonymiske sambandet som blir etablert mellom kunstnaren og «den homoseksuelle». Analysen i dette underkapittelet skal syne korleis skodespelaren figurerer både metonymisk og allegorisk gjennom eit vekslende biletspråk i dei to romanane.

Ei framheving av skodespelaren finn ein òg i essayet til Herman Bang. I dette essayet blir skodespelaren si særstilling i forhold til dei andre kunstnarane argumentert for gjennom det Bang meiner er eit tydeleg samband mellom det tvikjønna i skodespelarrolla og det å vere homoseksuell:

Men er dei homoseksuelle forfattarane merkverdig talrike, så er dei homoseksuelle skodespelarane enda meir talrike. Det tvekjønna i skodespelkunsten der det alltid gjeld å gå opp i eit anna vesen, synest å stå i nær samanheng med det tvekjønna i homoseksualiteten (Bang, 1998 [1922], s. 111).

I sitatet frå essayet ser ein at idéen om «den homoseksuelle» sitt tvitydige kjønn, dannar grunnlaget for det ein må kunne kalle ei metonymisk kopling mellom det å vere skodespelar og homoseksuell. Med utgangspunkt i essayet til Bang er det altså mogleg å utleie ei eiga metonymisk kopling mellom skodespelaren og «den homoseksuelle». Bang argumenterer for koplinga gjennom å vise til at både skodespelaryrket og «homoseksualiteten» har ein flyktig identitet til felles. Ein må vere forsiktig med å bruke essayet til Bang som ein fasit på korleis homoseksualitet blei forstått på byrjinga av 1900-talet. Likskapen mellom essayet og dei to romanane gjer det likevel verdt å nemne dette innleiingsvis for å vise at framhevinga av skodespelaren òg førekjem utanfor romandiskursane.

Det å spele ulike kjønnsrollar i det daglege livet er noko som kan analyserast ved hjelp av Butler (1991) og poenget om at kjønn er *performativt*. Butler hevdar at kjønn er performativt og noko som kjem etter seksualiteten: «First, it is necessary to consider that sexuality always exceeds any given performance, presentation, or narrative which is why it is not possible to derive or read off a sexuality from any given gender presentation» (s. 25). «Den homoseksuelle» er mann, men samstundes er han heller ikkje ein mann fullt ut i romanane. Han tek derimot på seg rolla som mann i møte med kvinnene, slik ein skodespelar tek på seg ulike roller på scena. Rolla som mann er ei rolle «den homoseksuelle», ut frå romanane, kan ta på seg uavhengig av kva for seksualitet han har før denne rolleveklinga. I ljøs av teorien til Butler er det naturleg å tenkje seg at dette er årsaka til at kvinnene ikkje forstår at mennene dei giftar seg med er homoseksuelle. Butler kritiserer ein heteronormativ tenkemåte der ein føreset direkte samanhengar mellom kjønn, identitet og seksualitet. Haldninga som kjem til uttrykk i romanane har eit slikt heteronormativ utgangspunkt. Synet på kjønn og seksualitet, og sambandet mellom dette, blir forenkla i romandiskursen gjennom halvmannen, men Butler viser at det er meir komplisert.

Tidlegare har me sett korleis gjestane i supéen til Karl blir omtala som «halvmenn», ein metafor som minner mykje om Bang si forankring av homoseksualitet i det tvekjønna. Ein av gjestane blir framheva samanlikna med dei andre gjestane. Denne gjesten er ein skodespelar: «En dag ringet min mand hjem til mig og spurte, om jeg hadde noget mot at han inviterte en kjendt skuespiller til en souper sammen med nogle venner» (Freimann, 1912, s. 51). Bakgrunnen for at Karl inviterer til supéen i utgangspunktet er ein skodespelar, og resten av

gjestane blir tilkjende samlekategorien «nogle venner». Framhevinga held deretter fram gjennom nemninga «hædersgjesten», og til sist gjennom forholdet denne skodespelaren har til Linken sin mann: «Og da jeg opdaget, at min mand trykket den feterte skuespillers haand under bordet og samtidig saa ham bedende i øinene, kunde jeg ikke dy mig længer» (s. 57). Kjærteiknet mellom Linken sin mann og skodespelaren gjer at heidersnemninga lett kan lesast som tvitydig. Dei andre gjestane hamnar i skuggen av skodespelaren på grunn av korleis han blir lyfta fram i framstillinga. Gjennom denne framhevinga blir òg det metonymiske sambandet mellom skodespelaren og «den homoseksuelle» tydeleggjort, og ein kan lese han som den fremste blant likemenn i dette selskapet.

Den same framhevinga finn òg stad i *Drude Helmers egteskap*, og i sitatet nedanfor ser ein samstundes korleis metonymien blir bruka for å utvikle skodespelaren til ein allegori. Legg merke til korleis dei to litterære verkemidla blir bruka om kvarandre og dannar eit vekslande biletspråk:

Det værste er at saa mange damer ikke gennemskuer slike mandfolk, men koketerer med dem, forelsker sig i dem – Saa går disse avskyelige halvmandfolkene og pynter sig med de erobringerne og strammer sig op til litt kurtise til gjengjæld. [...] Det er en av de latterligste komedier jeg ser, naar en hel bys damebefolkning ligger paa maven for en skuespiller av den sort. La dem beundre han som skuespiller – hans talent er jo like meget værd enten han er saan eller saan – men naar de sender breve med bøn om stevnemøter, blomster, presenter – – aa, de skulde bare vite, hvor hvert eneste skjørt er dem revnende likegyldig – ! (Knudsen, 1913, s. 74).

Ein ser fyrst kor tydeleg koplina mellom skodespelaren og halvmannen er. Deretter skjer overgangen frå metonymi til allegori når Hedvig ytrar «en skuespiller av den sort». Her er det tydeleg at det er snakk om ein skodespelar i overført tyding, altså at skodepelar står i staden for «den homoseksuelle». Slik sett er det snakk om ei anna form for likskap enn i det metonymiske sambandet. På den eine sida er skodespelaren altså lyfta fram som eit eksempel på ein halvmann. På den andre sida kan skodespelaren òg lesast allegorisk i romanane, for «den homoseksuelle» spelar eit dobbeltspel overfor kvinnene ved å halde dei for narr. Slik det førekjem i sitatet, er ikkje nødvendigvis alle skodespelarar homoseksuelle, men alle homoseksuelle er skodespelarar. Når Hedvig omtalar kvinner som fell for dette som ein «latterleg komedie», kjem det i tillegg fram at det burde vere openbart for kvinner kven som er homoseksuelle basert på det ein kan sjå. Oppfatninga av problemet er med andre ord tosidig. «Den homoseksuelle spelar eit dobbeltspel, men det er òg eit problem at kvinner lèt seg lure av dette dobbeltspelet. Igjen ser ein at teikna kan oppfattast ulikt.

Eit skiftande metonymisk og allegorisk biletspråk kjem òg til syne i *I skyggen av Karl Johan*. I følgjande sitat blir den tvitydige og falske naturen til skodespelaren stadfesta, samstundes som skodespelaren òg kan lesast allegorisk på grunn av korleis han sjarmerer kvinnene med sitt skodepel:

[D]en berømte unge skuespiller konverserte mig med stor sagkyndighet om toiletter og om sine ubegavede kolleger. Han var virkelig saa indtagende med sin litt slørede stemme og sine vakre smegtende øine. Og jeg fandt det slet ikke saa underlig, at vi som backfischer hadde sukket for denne scenens charmeur med det fjerne melankolske blik og den varme hjerteknuserstemme. Det er jo et av naturens ironiske indfald, at de unge piker altid sværmer for umandigheten, svakheden og den professionelle melankoli (Freimann, 1912, s. 55).

Ein kan lese skodespelaren som ein allegori fordi den einskilde skodespelaren i dømet ovanfor blir bruka for å generalisere og lyfte fram fellestrekket ved alle halvmenn. Desse umandige mennene sjarmerer unge kvinner med skodespelet sitt, og det er med andre ord ikkje berre snakk om Linken, men eit kollektivt «me» av kvinner som fell for dette profesjonelle narrespelet. I motsetnad til Hedvig si oppfatning av dette som ein «latterleg komedie» meiner ikkje Linken kvinnene kan lastast for dette, sjølv om romanen forfektar eit samband mellom kjønn og seksualitet. Dette kan ha samband med at Linken, i motsetnad til Hedvig, utgjer ei av desse kvinnene. Her kjem dessutan dei naturalistiske tendensane i romanen til syne gjennom korleis kvinnene blir framstilte. Tankegangen ser ut til å vere slik: Ein får ikkje gjort noko med kvinnenaturen, og det å falle for feil menn ser Linken på som ei form for ironisk determinisme. Kort sagt skjer det som må skje fordi naturen har skapa kvinnene slik at dei fell for desse mennene. I motsetnad til i Knudsen sin roman er «den homoseksuelle» ein del av den tragiske skjebnen til kvinner og ikkje ein komedie på eit samfunnsnivå.

For å samanfatte analysen i dette underkapittelet er det snakk om eit biletspråk både i *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* som vekslar mellom det metonymiske og det allegoriske. Skodespelaren blir på den eine sida bruka som ein *nærleiksfigur* ved å etablere ein «krins» av ord knytt til same betydingssfære. På den andre sida blir likskapen mellom rollene til ein skodespelar og «den homoseksuelle» bruka i ei meir direkte overført betyding. Skodespelaren blir i tillegg altså ein *substitusjonsfigur* ved å bruke han som ein allegori over «den homoseksuelle» og hans framferd. Sidan skodespelaren blir etablert som ein allegori, kan lesaren gå tilbake i teksten og lese han på ein ny måte enn opphavelig. I likskap med korleis bruken av kunstnaren samsvarar med andre diskursar, kan ein seie at dette biletspråket òg får kraft frå kringliggande diskursar. For ein lesar kan det skje ei form for attkjenning både internt i teksten og ut frå den kulturelle konteksten.

4.2. Ei kopling til jøden?

Sjølv om det ikkje blir etablert eit metonymisk samband mellom jøden og «den homoseksuelle» i romanane, er dette likevel ei kopling som er relevant å undersøke nærmare. Å skulde jødar for å vere homoseksuelle var ikkje uvanleg hevdar Mosse (1996), og korleis jødar og homoseksuelle blei framstilt, fylgde kvarandre parallelt (s. 68). Litteraturvitaren Willy Dahl (1995) hevdar dessutan at antisemittismen florerte i masselitteraturen på fyrste halvdel av 1900-talet, og han omtalar Øvre Richter Frich som ein av dei mest notoriske når det gjelder ei negativ litterær framstilling av jøden (s. 81). På liknande vis samanfattar Gylseth (1997) Frich sitt forfattarskap gjennom å argumentere for at rasetenking stod sentralt, og at jøden ofte fekk rolla som skurk (s. 249). At Karl har fått det jødisk-klingande etternamnet Howitz, kallar han av den grunn «neppe tilfeldig» i si omtale av *I skyggen av Karl Johan* (s. 149). På grunn av etternamnet til Karl er det nærliggande å tenke at Karl har eit jødisk opphav, eller ei viss form for jødisk tilknytning, trass i at denne koplinga ikkje er særleg tydeleg elles i romanen.

Knudsen sitt forfattarskap er mykje mindre kjent enn Frich sitt, og kan neppe omtalast som masselitteratur. Det er likevel relevant å sjå om det finst liknande koplingar i *Drude Helmers egteskap* fordi dei to romanane er utjevne så nært kvarandre i tid og har så mange motiviske og tematiske likskapar. Eg har funne éi mogleg kopling til jøden i romanen. Denne koplinga finn stad då ein får innblikk i kva Drude tenker om utsjånaden til Tor Holger. Det er ein del av andletet som blir framheva som det mest sentrale trekket: «[D]en store knudrede krumme næse Der var race i det ansigt, men en degenerert»» (Knudsen, 1913, s. 87). Ein stor, krum nase, som i neste omgang blir kopla opp mot rase, gjer at skildringa av Tor Holger ber preg av å vere ein antisemittisk stereotypi. Men som tidlegare nemnt var ikkje nødvendigvis grensa mellom framstillinga av jøden og «den homoseksuelle» veldig skarp, og i likskap med romanen til Frich er det ikkje andre tydelege koplingar internt i romanen.

Etternamnet til Karl eller nasen til Tor Holger er ikkje nok til å etablere eit metonymisk samband i teksten på same måte som med kunstnaren og skodespelaren. Ut frå konteksten kan ein moglegvis tolke Karl og Tor Holger som både jødar og homoseksuelle. Ein kan òg tolke etternamnet og nasen som ei meir metaforisk kopling. Antisemittane meinte jødane truga samfunnet, og ei koplinga til jøden kan lesast som eit verkemiddel for å framstille mennene som eit trugsmål mot samfunnet. Sjølv om trugsmålet «den homoseksuelle» utgjer mot samfunnet skal vere temaet i kapittel fem, har eg likevel òg så vidt kome inn på hovudpoenget i neste del av kapittelet. Nedanfor skal eg vise korleis visse karaktertrekk ved mennene er ein sentral del av korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram og konstruert.

4.3. «Den homoseksuelle» mottypen

Utgangspunktet for analysen i denne delen av oppgåva er funna om framstillingsmåtar i Mosse (1996), som eg nemnde i kapittel 3.2. Ut frå det han skriv, kan ein utleie to viktige haldepunkt når det gjeld framstillinga av «den homoseksuelle» i tida fram mot då i *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* blei utgjevne. Det fyrste er at ein gav utsjånaden hans trekk som skilde seg frå det maskuline idealet i samtida. Det andre er at han blei framstilt i feminine positurar, noko ein òg kan seie at er ein måte å skape avstand til det maskuline idealet på. Ved å framstille «den homoseksuelle» på denne måten blir han skild ut og konstruert som ein mottipe gjennom forma, noko han har til felles med andre marginaliserte samfunnsgrupper. I kor stor grad gjeld dette dei to romanane denne oppgåva tek for seg? Kan ein snakke om eit maskulint ideal og ein homoseksuell mottipe ut frå framstillinga av mennene i dei to romanane?

Me ser fyrst attende til Karl sin supé. I utdraget der gjestane blir introduserte som eg siterte tidlegare, legg Linken merke til ein del karaktertrekk ved dei, det vere seg både utsjånad og veremåte. Skodespelaren ligg på eit kvitt skinn i ein smektande stilling, og byr seg fram for mannen til Linken. Å framstille samtalen mellom dei som dempa gjev han ei seksuell ladning. Det er òg ein seksuell undertone ved stillinga til den kjende målaren, som lener seg opp mot flygelet ved den raudblonde grosseraren. Kort samanfatta er det ein tydeleg seksuell atmosfære kring mennene, og måten dei byr seg fram for kvarande på er lite maskulin. Passasjen held fram med å introdusere fire gjestar til, og utsjånaden til mennene får saman med veremåten auka merksemd:

To billedskjønne ynglinger med smale skuldre og brede hofter hvisket ivrig med den unge forfatter, som aldri skrev noget, og en bekjendt skikkelse fra modehandlerverdenen konverserte en fet ældre skuespiller, mens hans høire haand stadig var i smagfulde svingninger – som om han demonstrerte et stykke crepe de chine for en god kunde (Freimann, 1912, s. 53).

I dette sitatet kjem det fram at veremåte og utsjånad er like viktig som yrke. Skildringane i sitatet fungerer som ei påminning om at fokalinstanten har eit seksualisert blikk, og det blir oppfatta trekk ved gjestane som ikkje nødvendigvis har samanheng med den borgarlege ramma kring samkoma. Hå dei mannlege gjestane ser Linken kroppslege proporsjonar som er motsette av det maskuline manndomsidealet. Trass i at dei unge mennene er biletskjønne, er likevel proporsjonane deira snudd opp ned på i forhold til idealet når hoftene er det breiaste partiet i staden for skuldrene. Dei er altså kunstig vakre og uproporsjonerte, noko som skapar eit inntrykk av at dei er det motsette av maskuline. Sidan dei er menn, men ikkje maskuline, kan dei oppfattast som tvitydige når det gjeld kjønn, og denne tvitydige framstillinga er i så måte ei

tydeleg kopling til halvmannen. Det same gjeld den eldre skodespelaren. Når Linken oppfattar han som feit, er det det same som å oppfatte han som uproporsjonert. Med andre ord er kroppsfasongen hans det motsette av å vere muskuløs, og ein kan seie at den eldre skodespelaren blir framstilt med ein tvitydig maskulinitet på grunn av dette han òg.

Veremåten til motehandlaren og skodespelaren er òg viktig å nemne. Motehandlaren bevegar handa i det ein må kunne omtale som ei stereotypisk og lite maskulin rørsle. På den eine sida blir maskuliniteten hans redusert på grunn av korleis han ter seg. På den andre sida er mangelen på maskulinitet kopla saman med yrket han har ved at handrørsla blir samanlikna med det å demonstrere stoff. Yrke og veremåte er tilsynelatande to sider av same sak. Ein liknande parallell kan ein òg dra mellom skodespelaren på isbjørnskinnet og hans positur. Skodespelaren har inntatt ei smektande stilling, og er festen sitt midtpunkt. Denne framstillinga bygger oppunder ein likskap mellom hans veremåte og det forlökkande ved ein skodespelar på scenen. Dessutan har skodespelaren òg ei hand som Linken legg merke til: «Den lange, hvite – mistenkelig hvite haand kredset omkring i luften [...]» (Freimann, 1912, s. 58). Det er noko mistenkeleg ved handa til skodespelaren, samstundes som denne rørsle er lite maskulin. Framstillinga av motehandlaren og skodespelaren er nok eit argument for at det blir danna metonymiske samband i romanen mellom homoseksualitet og ulike kunstnariske yrke. For gjennom handrørsle og posituren kan mennene oppfattast som lite maskuline. Desse karaktertrekka blir i neste omgang forbundne med det kunstnariske yrket deira, og slik førekjem samanhengen som naturleg.

Det er derimot ikkje berre handrørsle til skodespelaren som er mistenkeleg, for om handleddet har skodespelaren «[e]t tyndt guldarmaand, som endte i et smalt slangehode med to porselænsblaa øine [...]» (Freimann, 1912, s. 59). Dette slangearmbandet er derimot ikkje ukjent for Linken: «Jeg hadde engang set et lignende paa min mands toiletbord» (s. 59). Ut frå staden Linken har sett slangearmbandet, kan det alludere til eit intimt forhold mellom Karl og skodespelaren. Likevel er ikkje dette einstydig sidan ho ikkje stadfester om armbandet faktisk er det same som ho tidlegare har sett. Slangearmbandet ber likevel i seg ein kristen symbolikk. Slangen blir ofte assosiert med djevelen sidan hans opphavlege skikkelse var ein slange (Ursin, 1975, s. 189). Etter tumultane som oppstår når Linken hiv ut heile selskapet, finn ho armbandet på golvet, og det viser seg å vere gravert med ei kjærleikserklæring utan atterhald: «Fidèle jusque a la mort! Din Karl» (Freimann, 1912, s. 61). Fordi armbandet representerer kjærleiken mellom to menn, blir homoseksualitet og det syndige nært forbunde gjennom den kristne symbolikken knytt til slangen. Allusjonen til Bibelen og det syndige vitnar om at ulike forståingar av homoseksualitet sirkulerer til same tid (jf. Sedgwick, 2008 [1990], s.47). At

inskripsjonen står på fransk, kan lesast på to ulike måtar. Ein tenkje seg at dette er kjærleikens språk, men samstundes kan det ymte om at homoseksuelle har eit sett av teikn, eit hemmeleg språk, sidan fransk òg kan assosierast med det dekadente og forfalne. Dette vesle armbandet er i så måte eit godt døme på potensialet som ligg i dei homografiske markørane.

Framstillinga av mennene i *Drude Helmers egteskap* har òg eit tydeleg fokus på kropp og utsjånad. I sitatet nedanfor hevdar Hedvig at ein kan sjå på utsjånaden til Carsten Arnesen at han er homoseksuell, og ho bringar i så måte eit fysiognomikk-perspektiv inn i romanen. Korleis ho kan sjå dette, får ikkje lesaren vite, for Drude maktar ikkje å forstå kva Hedvig snakkar om. Men gjennom Drude sin visualisering av Carsten blir homoseksualitet likevel kopla opp mot ein lite maskulin utsjånad:

Det ligger da tydelig utenpaa ham ogsaa, hadde Hedvig sagt. Hun forsøkte at se ham ordentlig for sig – han var noksaa høi og fyldig – egentlig en staut skikkelse, men litt for tyk, temmelig rund og fet i ansigtet ogsaa, med en blid fyldig mund, kort like næse og tæt brunt krøllet haar. Hele manden ville virket for jovial, for rund hvis ikke de skarpe graa øine hadde bragt bud om intelligens og vilje. Hvordan kunde Hedvig se det paa ham – – – (Knudsen, 1913, s. 86).

Sitatet er interessant fordi det tematiserer sansing. Det seier noko om kven som har tilgang på teikna og ikkje. Hedvig hevdar homoseksualitet er synleg gjennom utsjånaden, som om seksualitet ligg utanpå kroppen som ei «hinne». Her er det forenkla forholdet mellom kjønn og seksualitet i romanen, som Butler (1991) argumenterer mot, tydeleg. Men denne «hinna» er det tydelegvis ikkje alle som kan sjå. Han har både ein uproporsjonert kropp og eit uproporsjonert andlet, samstundes som auga til ein viss grad fungerer som motvekt til desse trekka. Ho undrar seg over kva ved utsjånaden hans som kan tyde på at han er homoseksuell, men på grunn av at Drude er fokalinstant, seier ikkje teksten noko om det for lesaren heller. Dette gjev endå større grunn til å kalle den uproporsjonerte kroppen til Carsten for ein homografisk markør. Kroppen hans blir ikkje avkoda av Drude, men sjølv om det er eit brot mellom utsegna til Hedvig og Drude sin refleksjon, er det mogleg for å lesaren å fyller dette tomrommet og dra parallellen likevel. Sitatet illustrerer av den grunn at utsjånaden er tvitydig. Nokon oppfattar desse trekka, medan Drude ikkje gjer det, altså er det ikkje slik at utsjånaden *må* lesast som eit teikn på homoseksualitet, men han *kan* lesast som det. Slik sett blir «den homoseksuelle» skriven fram gjennom ei forteiing. Lesaren har allereie fått vite at Carsten har ein lengt etter menn på grunn av sidespranget, men ein får ikkje direkte vite kva slags trekk som potensielt kan lesast som ein indikasjon på dette. Dei lite maskuline trekka ved Carsten peikar likevel mot halvmannen.

For å samanfatte ser ein at framstillinga av mennene eg har trekt fram er *negativ* i forhold til det maskuline idealet. Utsjånaden og veremåten bryt markant med idealet, noko som i ljøs av samtida til romanane kunne vere eit teikn på homoseksualitet. På mange måtar blir «den homoseksuelle» konstruert like mykje gjennom kva han *ikkje* er, som kva han er. Slik bidreg romanane òg til å konsolidere idealet, sjølv om han berre er ein storleik som implisitt er til stades i teksten. Som ein ser, samsvarar framstillinga av mennene i *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* i stor grad med funna til Mosse (1996). Ut frå denne slutninga ser ein fleire parallellar til både inversjon og degenerasjon, og nedanfor skal me sjå korleis konstruksjonen av ein mottype kan lesast som eit uttrykk for ein idé om at homoseksualitet og degenerasjon heng saman.

4.3.1. Den homoseksuelle mottypen som uttrykk for idéen om degenerasjon

Læra om degenerasjon stod sterkt på 1800-talet, og Schaffner (2012) omtalar ho som idéen om ein «pervers evolusjon» (s. 43). Den franske psykiateren Bénédict Augustin Morel innleia sin definisjon av degenerasjon nettopp ved å peike på at ein hadde med ei form for avvik å gjere: «The clearest notion we can form of degeneracy is to regard it as a morbid deviation from an original type» (Nordau, 1993, s. 16, sitert i Schaffner, 2012, s. 43). Morel omtalar degenerasjon som sjuklege avvik, og for å definere avvik må ha ein original å vurdere avvika ut frå. Sidan ein kan forstå utsjånaden og veremåten til mennene i dei to romanane som eit avvik frå ein maskulin originaltype, kan den negative framstillinga tolkast som eit uttrykk for denne læra. Ei slik forståing av homoseksualitet meiner eg, basert på analysen min i førre underkapittel, gjennomsyrrer *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap*.

Når det gjeld degenerasjon og homoseksualitet, er dette likevel eit punkt der romanane skil seg noko frå kvarandre tematisk. Degenerasjon blir i romanen til Knudsen utdjupa meir ved at homoseksualitet ikkje berre blir kopla til utsjånad, men òg arv og miljø. Drude fryktar mellom anna at Erik sin påståtte «tilbøielighet» skal kunne vidareførast til sonen deira, og ho byrjar febrilsk å granske den vesle guten etter teikn både for og imot at dette er tilfellet:

Paa de dage da hun martret sig selv med tanken paa, at det der om Erik var sandt, kunde hun bli grepet av en vanvittig fortvilelse over, at *han* var hendes barns far, og at hendes egen gut kanske skulde arve hans tilbøielighet [...]. Da lette hun efter hvert lite træk hos gutten, som kunde minde om hende selv, og hun blev glad til taarer naar hun syntes at se, at hendes egen sunde slegt var sterkest i ham Skjønt han lignet sin far ogsaa. Men hun eiet ham saa helt og holdent, det maatte vel kunne hjælpe Det var næsten godt nu, at Erik bestandig hadde tat sig saa lite av ham (Knudsen, 1913, s. 119).

Hereditet, påverknad frå miljøet og synlege ytre trekk er alle kjerneelement i idéen om degenerasjon. Framstillinga av Drude sin desperasjon er nærmast vitskapelig forankra, der

Drude figurerer som sexolog og sonen som pasient. Samstundes peikar Drude ut Erik som årsaka til eit eventuelt genetiske forfall hjå sonen, og som ei mogleg smittekjelde gjennom eksponering og kontakt. Gjennom å framstille Erik som sjukeleg bidreg romandiskursen til å konstruere «den homoseksuelle» som eit resultat av degenerasjon. Dessutan møter ein på den umoglege motsettinga i homoseksualitetsdefinisjonen (jf. Sedgwick, 2008[1990], s. 85). Drude er engsteleg for at sonen kan vere homoseksuell, men samstundes fryktar ho at han kan smittast dersom han i utgangspunktet ikkje er det.

Orda som blir bruka for å skildre Erik, samt undersøkinga Drude gjennomfører på sonen, kan ein sjå i samheng med at ho tidlegare har nytta seg av mellom anna legebøker for å få innsikt i kva homoseksualitet er for noko: «Hun hadde slaat op i konversationsleksikon og lægebøker og læst de korte oplysninger under “kontrære tilbøieligheter” eller andre navne for det samme» (Knudsen, 1913, s. 101). Gjennom å kalle ei dragning mot menn for «tilbøielighet», ser ein korleis Drude, gjennom forteljaren, aktivt tek i bruk legespråket i møtet med «perversjonen». Oppslagsorda som Drude brukar for å finne fram i stoffet, vitnar om ei sterk påverknad frå omgrepsbruken i psykiatrien i tida rett før romanen blei utgjeven. Til dømes innleia psykiateren Christopher Leegaard sin definisjonen av homoseksualitet i 1895 med følgjande ord: «Den Homoseksuelle eller *kontrær* Sexuelle har kun Glæde af samkvem med samme Kjøen og har en stærk Tilbøielighed til dette [...]» (s. 45, sitert i Jordåen, 2010, s. 107). Det er tydelege likskapar mellom ordval i dette korte utdraget og dei omgrepa Drude slår opp. Schaffner (2012) hevdar at idéen om degenerasjon og dekadanse var med på å forme oppfatningane av moderniteten frå kring midten av 1800-talet, og at denne idéen raskt blei plukka opp og bruka i litteraturen frå same tidsperiode (Schaffner, 2012, s. 6-7). Passasjen frå romanen til Knudsen gjev tydelege indikasjonar på at litteraturen blei påverka av andre diskursar når det gjeld homoseksualitet som tema.

4.4. Ei endring i framstillinga av Karl og Erik?

Eit viktig aspekt når det gjeld å analysere framstillinga av både Karl og Erik, er om ho er i endring i dei to romanane. Som lesar får ein vere med på ei utvikling frå kvinnene forelskar seg i dei, inngår ekteskap med dei, og til slutt forlèt dei, men korleis endrar framstillinga av dei to mennene seg i samband med denne utviklinga? Dette underkapittelet bygger vidare på det eg diskuterte i førre del av oppgåva. Med andre ord er det maskuline idealet og «den homoseksuelle» mottypen viktig å ha i mente når framstillinga av Karl og Erik no skal analyserast nedanfor.

4.4.1. Nyforelska kvinner og attraktive menn

Karl ber ikkje preg av å vere noko mindre maskulin enn andre menn i den fyrste skildringa ein får av han. Proporsjonane er dei rette, og for Linken er det snakk om ein idealmann: «[D]er paa 1ste bænk sat der en høi, bred mand med stort, mørkt haar og vakre, litt utstaaende øine [...]. Slik skulde min elskede se ut. Kraftig og kjæk med rolige, klare øine» (Freimann, 1912, s. 16-17). Den fyrste skildringa ein får av Karl i romanen, er det fyrste inntrykket Linken får av han i det fiktive universet. Linken bit seg likevel merke i noko ved stemmen hans, for ho fungerer som ei motvekt til dei maskuline trekka, men utan att ho opplever dette som noko negativt: «[A]lle disse maskuline herligheter, som stundom kan virke noksaa brutalt, fik liksom en mildere karakter ved hans stemmes klang» (s. 18). Trass i det maskuline fyrsteintrykket, får ein altså tidlege teikn på at Karl òg har ei mildare og mindre maskulin side. På dette stadiet i romanen er Linken så nyforelska at ho ikkje gjer noko poeng ut av stemmen til Karl. Ho forsvarar til og med at hans stil kler han, trass i at ho ikkje ville ha likt om ein mann var så pynta dersom det ikkje var Karl: «Jeg tror at disse dekorative raffinements hos enhver anden mand hadde virket støtende. Men hos Howitz var de likesom en selvfølge, og de berøvet ham ikke den faste mandighet, som syntes at straalet ut av hele hans væsen» (s. 21). At Karl er i overkant forfengeleg, blir tvert imot ikkje oppfatta som negativt av Linken. Sitatet er eit godt døme på at fokalinstanten, i kombinasjon med forteljaren, medierer objektet for fokalisinga og presenterer det på ein viss måte for lesaren. Forteljaren skapar ein illusjon av at ein ser Karl gjennom den unge Linken Bratt sitt nyforelska blick. Men som me har sett i samband med *Drude Helmers egteskap*, oppfattar ikkje alle nødvendigvis utsjånad likt.

Tidleg i romanen til Frich får ein gjennom taleattgjeving eit alternativt syn på Karl, som ikkje er mediert av blikket til fokalinstanten. Det er Max, fetteren til Linken, som åtvarar mot Karl i dette sitatet:

Der gives ikke noget uregelmæssig ved den mand. Og det liker jeg ikke. Du har selvfølgelig ikke læst den engelske filosof Bacon? Naa – han sier et sted: “Der findes ingen utsøkt skjønhed uten en eller anden avvikelse fra regelmæssigheden.” Istedetfor skjønhed anbringer jeg ordet mandom Der har du, hvad jeg mener om Karl Howitz . . . (Freimann, 1912, s. 26-27).

Dersom ein tar utgangspunkt i den homoseksuelle mottypen, kan ein tilsynelatande lese åtvaringa til Max som eit brot med å framstille «den homoseksuelle» som ein motsetnad til det maskuline idealet. Her er det snarare fråveret av det uregelrette som er problematisk for maskuliniteten til Karl. Igjen ser ein kvifor det performative aspektet ved kjønn som Butler (1991) argumenterer for, er sentralt å nemne når det gjeld å forklare korleis «den

homoseksuelle» blir skriven fram. Karl spelar rolla som mann *for godt*, slik at manndommen hans verkar påteken og uekte i Max sine auge. Ved å poengtere at Linken ikkje kjenner til filosofen Francis Bacon, seier Max indirekte at ho er ung og ukunnig. Ho har altså meir å lære om livet, og ho er naiv som ikkje forstår at Karl driv dobbeltspel med ho. Max kjem med fleire åtvaringar, og desse kan alle lesast som eit verkemiddel for å framheve naiviteten og kjenslene som tilslører blikket til fokalinstansen.

Heller ikkje utsjånaden til Erik blir framstilt som avvikande i starten av romanen til Knudsen. Her er det derimot viktig å kome i hug at det ikkje er Drude som er fokalinstans endå (jf. kapittel 2.3): «Han var meget mørk, med store tungsindige øine, en fin krum næse og en liten energisk mund med smale læber. Alvorlig, vakker og elegant» (Knudsen, 1913, s. 6). Etter at Drude tar over som fokalinstans, ser ein korleis framstillinga av Erik ber preg av å vere mediert gjennom Drude, samstundes som forteljaren ikkje står langt frå ho. Det kjem fram at det er noko «veikt» ved Erik sitt vesen, men i likskap med Linken si oppfatning av Karl, tiltalar dette tvert imot Drude: «Kritikerne hadde kanskje ret, naar de sa der var for liten kraft i hans spil – der var noget vekt over hele hans person, hans smil, hans stemme –. Men hun likte det» (s. 24-25). Den forelska Drude oppfattar det veike ved Erik sitt vesen som positivt. Når forteljaren likevel lar andre stemmer kome til syne ved å vise til kritikarane, får lesaren innblikk i ei alternativ oppfatning av Erik. Merknadane frå kritikarane ymtar om at han moglegvis ikkje er så maskulin likevel. Dessutan er den vesle tankestreken før punktumet ein måte å få lesaren til å stoppe opp og tenke over det avvikande ved han. På grunn av tankestreken heng skildringa av Erik i lufta, og innbyr lesaren til å tenke over kva dette *kan* bety. Tankestreken får funksjon som ein markør for den homografiske markøren fordi han skapar distanse til Drude si inhabile sansing. Framstillinga av Erik er dessutan svært lik framstillinga av Karl ved at båe to har ei mildare side som utfordrar maskuliniteten deira. Likevel oppfattar korkje Linken eller Drude, som båe to er tydeleg hugtekne av sine fokalobjekt, dette negativt.

Drude får i likskap med Linken åtvaringar mot å gifte seg med Erik. Åtvaringane fungerer her òg som eit alternativt blick på sistnemnde, og skapar eit inntrykk av at heller Drude ikkje veit sitt beste når det gjeld å finne den rette mannen:

Red Dem itide, gaa ikke hen og kast Dem bort til den mand. – De er for ung og uerfaren nu til at gjenneuskue ham, men engang vil De komme til at angre det, – tro De paa en erfaren mand, som kjender dere begge (Knudsen, 1913, s. 38).

Mannen som kjem med åtvaringa brukar erfaring som eit argument for at Drude skal høyre på han. Ved å framheve sin eigen livskunnskap gjer han at Drude kan oppfattast som ung og

urøynd ho òg. Åtvaringane Drude får, er ein måte å ymte om at ho ikkje er i stand til å oppfatte dei ulike rollene Erik spelar. Slik sett er likskapen mellom *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* slåande. Romanane fylgjer kvarandre parallelt fram til dette punktet. Men etter bryllaupa ser ein at dei skil lag når det gjeld korleis dei to mennene blir oppfatta og framstilt. Denne skilnaden skal analyserast i følgjande underkapittel.

4.4.2. Ny kvardag og ny oppfatning av mennene?

Heilt fram til bryllaupsnatta oppfattar Linken dei kroppslege trekka ved Karl som maskuline, og det seksualiserte blikket til fokalinstanten ser konturane av ein gresk gud i det dei skal dele seng for fyrste gong: «Nu saa jeg tydelig hans Apolloprofil i natlampens gule skjær» (Freimann, 1912, s. 36). Gjennom å representere ungdommen sin venleik og manndommen si kraft, blei Apollon betrakta som sjølve symbolet på det fysiske idealet for unge menn (Gilhus & Thomassen, 2010, s. 98). Med andre ord er det tilsynelatande ikkje noko å utsette på utsjånaden til Karl. Likevel kan Apollon-referansen tolkast som tvitydig av ein lesar. Mellom anna forelskar Apollon seg i den vakre ungguten Hyakinthos, noko som utviklar seg til eit trekantdrama med Vestavinden (Kleiva, 1996, s. 50), samstundes som myten om Marsyas og Apollon kan lesast homografisk (Myren-Svelstad, 2017, s. 230). Slik sett er ikkje referansen til Apollon einstydig med eit heteroseksuelt, maskulint ideal. Eg held likevel fast ved at Linken oppfattar sin mann som maskulin og attraktiv heilt fram til ekteskapet skal fullbyrdast. Argumentet mitt er at framstillinga av Karl endrar seg veldig etter at dette ikkje skjer.

For etter at Karl ikkje viser noko interesse for Linken på bryllaupsnatta, men fell i svevn, byrjar ho å tvile på om han er tiltrekt av ho. Ikkje minst byrjar ho å tvile på om ho er tiltrekt av han etter denne hendinga. At ho ikkje lenger oppfattar han som maskulin og fullkommen, blir tematisert neste morgon: «Jeg merket pludselig, hvor han forandredes i mine øine» (Freimann, 1912, s. 41). Bryllaupsnatta er altså eitt av dei store vendepunkta. Plutseleg er ikkje fokalinstanten lenger forelska i Karl, og blikket endrar seg deretter. Sitatet underbygger kor viktig fokalisering og persepsjonen er som premiss i analysen av utsjånaden til mennene. Frå og med dette punktet blir Karl ikkje lenger mediert gjennom blikket til den forelska Linken. Frå og med dette punktet er det blikket til ein usikker og tvilande fokalinstant som er utgangspunktet for korleis Karl blir oppfatta og framstilt i romanen.

Skildringa av Karl dagen etter bryllaupet er heilt annleis enn kvelden før, og ho står i skarp kontrast til tidlegare skildringar:

Alt det, som før hadde tiltrukket mig hos ham, vrængte nu vrangsidens ut. Hans røde svulmende læber med den utprægede Venusbue, det flakkende gullige skjær i hans

mørke pupiller, de bløte runde linjer i hans kinder, den lille kokette utringning, –
altsammen fylde mig med motvilje (Freimann, 1912, s. 41).

Når blikket til Linken ikkje lenger er tilsjørt av forelskinga, oppfattar ho Karl som fråstøytande. Andletet hans er uproporsjonert og lite attraktivt. Leppene er svulmande, auga er gulaktige og for mørke, samstundes som han er for rund i kinna. Som ein kontrast til oppfatninga ho hadde av han dagen før, er Apollon-referansen no bytt ut med ein Venus-referanse. Det er ikkje lenger konturane av ein gresk gud ho skimtar i ektemannen sitt andlet, men trekk ho forbind med den romerske gudinna Venus. Gjennom å samanlikne Karl med ho, mistar han sitt maskuline preg fordi det no er noko kvinneleg over karaktertrekka hans. Samstundes kan den romerske referansen assosierast med forfall, slik at overgangen frå Apollon til Venus alluderer til idéen om degenerasjon. Med sin avvikande utsjånad og feminine utstråling er ikkje Karl lenger ein mann der utsjånaden er i tråd med det maskuline idealet, men han er ein halvmann slik Linken oppfattar han. Blikket til fokalinstanten er som ein ser framleis seksualisert av di det kroppslege blir oppfatta i ljøs av den seksuelle opplevinga, eller rettare sagt mangelen på seksuell oppleving kvelden før.

Når det gjeld korleis Karl og Erik blir framstilte etter bryllaupet, er det ein viss skilnad mellom dei to romanane. Trass i at Drude etter kvart òg har ein sterk mistanke retta mot Erik, endrar ho ikkje oppfatninga ho har av maskuliniteten hans. Det er to moglege forklaringar på dette. På den eine sida er det i utgangspunktet få skildringar av dei ytre trekka til Erik, noko som kan vere ei av årsakene til at framstillinga heller ikkje endrar seg nemneverdig. På den andre sida er forholdet mellom Erik og Drude framstilt positivt i lang tid etter bryllaupet. Av di Drude blir gravid ikkje lenge etter at dei giftar seg, veit ein at eit samleie mellom dei finn stad. Sidan Drude har det så flott saman med Erik, blir det at ho er gravid nesten opplevd som noko negativt: «Den dag Drude visste hun skulde ha et barn, blev hun saa underlig tilmode. Ikke egentlig glad. [...] – nu hadde hun det saa godt med Erik alene, at hun syntes et litet barn bare vilde forstyrre» (Knudsen, 1913, s. 52). Medan det er mangelen på samleie som er negativt for Linken,¹¹ er det snarare resultatet av samleiet som ikkje er positivt for Drude. Ho ynsker seg meir tid med mannen sin før ei eventuell familieauking skal finne stad fordi dei har det så flott saman.

Sjølv om Drude gjennom heile ekteskapet fortrenger at ho har noko grunn til å tvile på Erik, finst det derimot òg eit viktig vendepunktet for ho. Det heile finn stad morgonen etter at

¹¹ Linken argumenterer til dømes for skilsmisse ved å fortelje presten at ho ynsker seg barn, men at Karl ikkje deler dette ynsket, og heller aldri har «forklart» ho korleis ein lagar barn (Freimann, 1912, s. 63).

Erik ikkje kjem heim frå eit selskap hjå Henning, og vendepunktet kjem i det augneblikket ho merkar at Erik ikkje maktar å møte blikket hennar:

Jeg skammer mig saa forfærdelig ved at si dig det, men – jeg blev fuld igaarftes du [...]. Og saa vilde jeg ikke komme hjem slik – ja, jeg orket simpelthen ikke gaa – men la mig paa en sofa dernede for at komme mig litt. [...] Hun vendte langsomt hodet og saa paa ham – han forsøkte at møte hendes øine, men kunde ikke – hun kjendte hun stivnet i rædsel og fandt ikke et ord at si –. I det øieblik blev hendes mistanke bevisst, nu følte hun, at det *kunde* være sandt (Knudsen, 1913, s. 99).

Erik si overnatting hjå Henning er den avgjerande hendinga som skal til for at tvilen bit seg fast i Drude. Det er altså ei natt som skal vise seg å vere vendepunktet i båe romanane. At vendepunkta skjer i samband med «nattaktivitetar» er i seg sjølv noko som kopljar båe vendepunkta til det seksuelle. Denne natta kjem derimot lenger ut i ekteskapet mellom Drude og Erik, og ho får heller ikkje store konsekvensar for korleis Drude oppfattar utsjånaden hans. Kort tid etterpå forsøker Drude å fortrenge mistanken om at Erik og Henning har eit forhold bak ryggen hennar. Den logiske forklaringa må vere at Henning freistar Erik: «Kanske var det saa, at Henning kjæmpet for at erobre ham og at Erik var svak, var under indflydelse av den andens vilje, men stod imot –.» (s. 101). Sitatet bidreg til at «den homoseksuelle» blir skriven fram som ein smitteberar. Drude sår tvil om Erik eigentleg er homoseksuell, men han risikerer å bli smitta av kontakten med Henning. Framstillinga bygger igjen altså på idéen om at homoseksualitet er noko ein kan erverve i «feil» miljø. Samstundes blir det rissa opp ei tydeleg skiljelinje mellom Drude og Erik på den eine sida og Henning som «den anden». I sitatet skjer det altså ei stadfesting av «den homoseksuelle» som både eit trugsmål og ein mottype, noko ein må kunne seie at heng saman.

Til slutt blir tvilen likevel for sterk for Drude, og ho tek eit val om å forsøke å avsløre om Erik og Henning finn gjensidig hugnad i kvarandre. Medan utsjånaden til Karl fyller Linken med avsky etter vendepunktet, er Erik derimot like flott i Drude sine auge sjølv etter at ho har bestemt seg for å spionere på han: «Drude stod og saa efter dem. Saa vakker Erik var! Slank og elegant. Og mandig trods alt» (Knudsen, 1913, s. 116). Drude si oppfatninga av utsjånaden til Erik er her ikkje så ulik skildringa som er basert på sansinga som skjer frå ein ukjend posisjon innleiingsvis i romanen. Ein ser at Drude framleis dekker over mangelen på det maskuline ved han. At ho likevel tenker «trods alt», er i seg sjølv ei stadfesting av at «den homoseksuelle» ikkje er maskulin. Ut frå dette kan ein slå fast at framstillinga av Erik ikkje endrar seg på grunn av at Drude framleis har eit forelska blikk når ho ser på ektemannen sin. Ho tvilar på han, men tvilen formar ikkje blikket hennar i same grad som den formar Linken sitt. Forklaringa på at

framstillinga av Erik endrar seg så lite, er altså at fokalinstanten aldri missar kjenslene for objektet for fokalisinga.

Korleis framstillinga av Karl og Erik endrar seg, ser ein at er ein viktig skilnad mellom *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap*. Medan framstillinga av Karl endrar seg i det augneblikket Linken si forelsking går over, blir Erik mediert gjennom det same blikket heilt fram til Drude forlèt han. Framstillinga av Karl samsvarar etter vendepunktet med korleis Mosse skisserer «den homoseksuelle» mottypen: Han har trekk som står i kontrast til den maskuline idealmannen, og endringa i framstillinga av Karl viser at det er snakk om typar, der utsjånaden er anten eller. Dette er ikkje tilfellet når det gjeld framstillinga av Erik. I Drude sine auge er det ikkje noko som endrar seg ved Erik, og heilt fram til siste stund oppfattar ho han som like vakker og maskulin. Skilnaden mellom dei to romanane viser kor viktig blikket til fokalinstantane er. Korleis objektet for fokalisinga blir mediert, seier oss mykje om den som sansar, og som vist i analysen påverkar den som sansar mennene korleis «den homoseksuelle» blir oppfatta. Den same kan ein overføre til å gjelde lesaren. Kva som blir oppfatta som tvitydig, vil avhenge av kven som les.

I dette kapitlet har eg analysert korleis «den homoseksuelle» si ytre form blir etablert i dei to romanane, og eg har funne store likskapar når det gjeld korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram. Dei metonymiske sambanda som blir etablerte er svært like, samstundes som utsjånaden og veremåten til mennene blir bruka som homografiske markørar. Eit hovudfunn i dette kapitlet er at framstillinga av utsjånaden og veremåten til mennene er *negativ* i forhold til eit maskulint ideal. Dette *kan* lesast som eit teikn på homoseksualitet, slik eit kunstnarisk yrke òg kan. I tillegg har eg òg drege parallellar til andre diskursar for å vise at det er store likskapar mellom dei to romanane og den historiske konteksten dei er ein del av. Når eg no skal gå vidare i analysen min, vil den historiske konteksten vere endå meir sentral. Hovudfokuset i neste kapittel er det *subversive* i seksualiteten til mennene, altså korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram som eit trugsmål mot ekteskapet og samfunnet på grunn av funksjonen mennene får i romanane.

5. «Den homoseksuelle» sin samfunnsundergravande funksjon

5.1. Ein «pervers» sydebukk i litteraturen

Fram til no har hovudfokuset mitt i analysen vore å syne korleis *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* skriv fram ei historisk situert oppfatning av «den homoseksuelle» gjennom yrke, utsjånad og veremåte. To viktige premiss i analysen av dette har vore det tvitydige og fokaliserende, altså kva som blir sansa og av kven. I dette kapittelet er det korleis homoseksualitet påverkar det fiktive samfunnet i dei to romanane som skal stå i fokus. Sagt på ein annan måte er det funksjonen til «den homoseksuelle» som skal analyserast. Når det er snakk om funksjon, handlar det om korleis «den homoseksuelle» blir forstått, men òg avgrensa i forhold til andre menneske i samfunnet. Me har allereie sett at han skil seg frå «idealmannen» ved å ta form som mellom anna kunstnar og lite maskulin. I dette kapittelet vil eg argumentere for at «den homoseksuelle» òg blir definert – og konstruert – i det fiktive samfunnet i romanane ut frå kva for funksjon seksualiteten hans blir skriven fram med.

Som i kapittel fire er det òg i dette kapittelet viktig å ha i mente at funksjonen til «den homoseksuelle» i det fiktive universet peikar ut av sjølve teksten, og kan lesast som eit uttrykk for generelle tendensar i samtida til romanane. Eg har tidlegare nemnt Anna Katharina Schaffner for å motivere ei lesing der eg trekker inn forholdet mellom litteratur og sexologi. Schaffner (2012) forsøker å forklare kvifor «den homoseksuelle» i større grad enn tidlegare dukka opp i litteraturen frå og med andre halvdel av 1800-talet. Sidan mange oppfatta samtida som stadig meir dekadent, meiner ho at merksemda rundt perversjonane auka fordi dei blei oppfatta som eit synleg teikn på dette forfallet (s. 11). På bakgrunn av dette meiner ho at seksuelle «avvik» blei plukka opp i litteraturen som eit uttrykk for ein kollektiv angst for generelle utviklingstrekk i samfunnet: «Moreover, to a certain extent they [the perversions] function as lightning rods for collective anxieties. In the wake of declining religious faith, Western societies attempted to address their spiritual crisis by identifying culprits for their malaises» (Schaffner, 2012, s. 11). Dei seksuelle «perversjonane» meinte ein var konkrete døme på samfunnsutviklinga, som igjen gav konkrete sydebukkar ein kunne laste det moralske forfallet for. Frå og med slutten av 1800-talet blir «den homoseksuelle» ifølgje Schaffner (2012) peika ut som hovudsyndaren bak forfallet (s. 13). Kvifor akkurat «den homoseksuelle» fekk denne rolla, er eit viktig spørsmål å stille med tanke på min analyse.

George L. Mosse (1996) hevdar at det er idéen om det kjønnsoverskridande ved «den homoseksuelle» som er bakgrunnen for at han fekk denne rolla. Dette var eit trekk som skilde han frå resten av dei ein rekna som avvikarar i samfunnet:

It was the so-called unmanly men, however, who provoked perhaps the deepest anxiety among those who were part of normative society, and who, while possessing all the traits of the outsiders, in addition seemed to have crossed the barrier of gender. We have seen how in times of insecurity strong lines of demarcation between genders were considered essential; blurring the division between them seemed to conjure up the specter of anarchy (s. 66-67).

«Den homoseksuelle» blei ifølgje Mosse oppfatta som eit trugsmål med bakgrunn i idéen om inversjon. Den uklåre kjønnsidentiteten gjorde at ein trudde han mjukna opp skiljet mellom kjønna i samfunnet, og av den grunn kan ein seie at han rokka ved fundamentet for ekteskapet i samtida. Fordi ekteskapet baserte seg på ein idé om stabile kjønnskategoriar og ein heteronormativ samfunnsorden, var det ikkje kompatibelt med slik homoseksualitet blei forstått. Slik ser ein korleis den kjønnsoverskridande forståinga av homoseksualitet kan ligge til grunn for ein angst: «Den homoseksuelle» sin seksualitet er *subversiv*, og han representerer i så måte anarki og kaos fordi han undergrev både eit maskulint og eit ekteskapleg ideal. Det neste spørsmålet blir då: Korleis kjem dette til uttrykk i *I skyggen av Karl Johan og Drude Helmers egteskap*?

5.2. «Den homoseksuelle» si undergraving av det heteronormative ekteskapet

Fyrst skal me sjå på nokre døme frå *Drude Helmers egteskap*. I sitatet nedanfor ser ein korleis «den homoseksuelle» snur opp ned på ekteskapet som institusjon med sitt kjønnsoverskridande vesen. Situasjonen i sitatet utspelar seg i forlenging av då Hedvig og Drude oppdagar den tidlegare nemnde Carsten Arnesen på teateret med elskaren sin. Drude kan ikkje tru noko slikt om ein gift mann, men Hedvig kontrar raskt: «Som om det er nogen garanti, at de er gift! Hedvig blaaste indignert. De reklamerer med kone og barn og tror de er trygge da – og saa blir de dobbelt frække» (Knudsen, 1913, s. 68). At ein mann giftar seg med ei kvinne og får barn, er slik det blir framstilt i romanen ikkje nokon garanti for at han ikkje er homoseksuell. Presset som ekteskapet blir utsett for er tydeleg i sitatet, og det skjer ei stadfesting av at seksualitet ikkje kan lesast ut frå kjønnet til mennene. Vidare skal me sjå at det kjønnsoverskridande ved «den homoseksuelle» pregar Drude så mykje at det utviklar seg til ein angst. Angsten er forankra i at homoseksualitet er eit trugsmål mot ekteskapet, ikkje minst hennar eige ekteskap med Erik.

Orda til Hedvig festar seg i hovudet til Drude. Dei blir til eit mantra i romanen, som gjennom denne repetisjonen skapar eit inntrykk av at homoseksualitet er angstframkallande. Gjennom alle forsøka på å fortrenge dei, er det tydeleg at orda er noko meir enn ei kvardagsleg stadfesting for Drude, dei blir nemleg kopla opp mot hennar eigen ektemann:

Om nogen hadde trodd det om Erik før, saa skjønte de naturligvis at det var løgn, da de saa han giftet sig. Det var jo soleklart, at ingen kunde tjene to herrer. Og hun hadde næsten glemt det – hun skjønte nok der eksisterte slikt, siden det kunde sies, men alt det hadde hun flyttet langt væk, ut i en verden som ikke vedkom hende. Derfor virket Hedvigs ord iaften saa voldsomt paa hende – det var som hele denne fjerne uhyggelige verden med ét rykket hende ind paa livet og truet hende. – En av hendes egen omgang, en hun ofte snakket med – og en *gift* mand![...] De reklamerer –, aa, der kom de ordene igjen, hun *maatte* bli kvit dem, hun hadde ikke noget med dem at besitte, for om Erik var det jo løgn (Knudsen, 1913, s. 85-88).

På grunn av episoden i teateret kjem «den homoseksuelle» tett på Drude, og homoseksualitet blir oppfatta som eit trugsmål av ho fordi framferda til Carsten bryt med korleis ho forstår verda. Det er altså snakk om ein angst for at ein mann kan sjonglere ulike kjønnsidentitetar, for då kan han både vere gift med ei kvinne og ha eit homoseksuelt forhold på ei og same tid. Judith Butler (1993) sin teori om subjektivitetsdanning gjer det mogleg å forklare funksjonen til dette mantraet: «[T]he “I” only comes into being through being called, named, interpellated (to use the Althusserian term), and this discursive constitution takes place prior to the ‘I’; it is the transitive invocation of the “I”» (s. 18). «Den homoseksuelle» blir til eit subjekt gjennom korleis Drude påkallar han ved stadig å repetere denne frasen i hovudet sitt. Parallelt med at Drude repeterer korleis «den homoseksuelle» er, repeterer ho òg kva Erik ikkje er. Implisitt i dette mantraet blir det av den grunn konstruert ei heteroseksuell norm som det homoseksuelle subjektet blir konstruert opp mot. Når orda derimot plagar Drude så mykje, blir dei eit angstuttrykk for at det heteronormative samfunnet, og ikkje minst hennar eige ekteskap, er truga av det kjønnsoverskridande ved «den homoseksuelle».

Eit mantra blir òg skapa i romanen til Frich gjennom repetisjon. Det er at halvmannen avkjønner samfunnet som blir repetert, og eit illustrerande døme finn ein i Karl sin supé. Der har mennene blitt til kvinner, og Linken har blitt til ein mann. Ut frå hennar perspektiv er supéen frykteleg fordi han viser korleis samfunnet stadig blir meir avkjønna av desse mennene:

Jeg drak kun min yndlingschampagne – “den gule enke”, madame Cliquots herlige drue og følte mig rent som et mandfolk blandt al den søte klissenhet. [...] Hvor klokt dækket de sig ikke under samfundets kaape! De giftet sig uten skrupler, de snoet sig frem mellem kvinders uskyld og mænds troskyld, smilende, veldresserte og verdenskloke. De var kjønsreligionens jesuiter, de forfalsket livsglæden, de avkjønnet tilværelsen . . . [...] Hvor grusomt og meningsløst var ikke det hele! (Freimann, 1912, s. 58-59).

Sitatet er så omfattande at det må brytast ned bit for bit.¹² Fyrst ser ein korleis kjønnsrollene har blitt snudd heilt på hovudet. Deretter blir det gjort ei kopling til det lyssky og skjulte, altså det «perverse», ved å framheve at desse mennene kamuflerer seg i samfunnet. Likskapen med framstillinga i *Drude Helmers egteskap* er deretter slåande gjennom korleis utnyttinga av kvinner gjennom omsynslause giftarmål blir lyfta fram. Heller ikkje i romanen til Frich er det nokon garanti for at menn som giftar seg med ei kvinne ikkje er homoseksuelle, då dette blir framstilt som eit middel for å kunne leve inkognito samfunnet. Halvmannen brukar berre ekteskapet som eit middel for å kunne vidareføre eit liv der han har forhold til andre menn.

Ekteskapet blir på denne måten brote ned frå innsida og redusert til ein fasade, eit tomt skal utan innhald. Waage (2009) samanfattar sin analyse av romanen til Frich ved å poengtere det same, at «homoseksualiteten» undergraver «heteroseksualiteten»: «Frichs roman, som starter som en fordømmelse av “homoseksualitet”, blir etter hvert også en tekst som dokumenterer at “heteroseksualiteten” er under press. Dens diskusjon av “homoseksualitet” undergraver også det heteronormerende prosjektet som romanen pretenderer å inneha» (s. 220). «Den homoseksuelle» trugar det heteronormative samfunnet ved å øydelegge ekteskapet med praksisen sin. Denne praksisen blir framstilt som umoralsk gjennom samanlikninga med ei anna uynskt samfunnsgruppe, jesuittane, og homoseksualitet blir på denne måten kopla til samfunnets moralske forfall. I ljøs av alt dette kan ein forstå «den homoseksuelle» som angstframkallande i Frich sin roman òg. Angsten blir understreka gjennom ord som «grusamt» og «meningslaust» fordi dei framhevar fortvilninga til Linken. Ordvalet finn ein att hjå Drude, til dømes då ho akkurat har høyrte om menn som er tiltrekt av menn for fyrste gong: «Det var saa meningsløst det hele, saa uhyggelig, – det kunde ikke nævnes» (Knudsen, 1913, s. 29). Når slike ord blir bruka for å skildre korleis homoseksualitet blir opplevd av dei to kvinnene, skapar dette eit inntrykk av at «den homoseksuelle» bryt fatalt med kva dei forstår som naturleg når det gjeld seksualitet.

5.2.1. Eit hegemoni under press

Samanfatta ser ein at angsten for «den homoseksuelle» kjem til uttrykk på svært lik måte i *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap*. Han undergrev det heteronormative samfunnet ved å gifte seg med kvinner, samstundes som han innleiar forhold til menn på si.

¹² Mennene drikk ein søt tokaiar, noko Linken ikkje gjer. Det er i så måte ein samanheng mellom karakterane og vinen dei drikk, men eg skal ikkje gå meir inn på dette enn i denne fotnoten. At Linken drikk «den gule enke» kan tyde på at forholdet mellom ho og Karl er dautt, men det kan òg vere ein måte å framheve ho som maskulin i forhold til mennene. Matjournalisten Aase Strømstad uttalte til radioprogrammet Nitimen i 2004 at Nicole Barbe, personen bak champagnen, «må ha vært en ualminnelig tøff dame» som styrte champagneproduksjonen i eit mannsdominert fransk forretningsliv på 1700-talet (Friis, 2004).

Slik bidreg romanane til å konstruere «den homoseksuelle» som eit kjønnsoverskridande subjekt. Me har tidlegare sett at mennene blir framstilte som lite maskuline gjennom ei negativ framstilling av utsjånad og veremåte i forhold til eit maskulint ideal. I døma ovanfor ser ein at den tvikjønna og lite maskuline utsjånaden kan sjåast i samanheng med mennene sin seksualitet og den samfunnsundergravande funksjonen. Homoseksualitet har altså i tillegg til den visuelle forma ei innhaldsside, og dette skapar eit press på det heteronormative samfunnet gjennom å truge ekteskapet som institusjon. Fordi «den homoseksuelle» torpederer ekteskapet, er ikkje dette lenger ein institusjon som manifesterer eit tydeleg skilje mellom kjønna i samfunnet. Slik det blir framstilt, er ekteskapet avhengig av eit slikt skilje og stabile kjønnsidentitetar, noko som ut frå Butlers teori om kjønnsperformativitet ikkje er mogleg. Romanane skapar eit samband mellom kjønn og seksualitet som eigentleg ikkje finst. «Den homoseksuelle» blir konstruert som eit kjønnsoverskridande subjekt, som trugar det heteronormative og kjønnsdelte samfunnet. Men denne konstruksjonen kviler altså på eit umogleg grunnlag, sjølv om kjønn og seksualitet tilsynelatande kan korrelere (Butler, 1991, s. 25). Konstruksjonen av «den homoseksuelle» og den «naturlege» heteroseksuelle norma, slik båe delar førekjem i dei to romanane, er i så måte problematisk.

Med bakgrunn i denne todelinga i eit «naturleg utgangspunkt» og «angstframkallande avvik» kan ein snakke om det Butler (1991) omtalar som ei *hegemonisk heteroseksuell norm*, der homoseksualitet blir konstruert ut frå eit privilegert heteroseksuelt utgangspunktet (s. 17). At mennene i dei to romanane blir konstruerte som homoseksuelle ut frå eit heteronormativt utgangspunkt er svært tydeleg. Angsten for «den homoseksuelle» blir med andre ord eit uttrykk for at han trugar hegemoniet i samfunnet i dei to romanane. Ekteskapet som institusjon og eit tydeleg skilje mellom kjønna blir på denne måten lyfta fram som viktig for å motverke forfallet i samfunnet. Slik sett blir framstillinga i romanane ein måte å åtvare mot trusselen som «den homoseksuelle» utgjer mot samfunnet.

Dette illustrerer kor politiske *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* er som romanar. Litteraturen fungerer her som ein arena for å dele samfunnet opp i «oss» og «dei». «Den homoseksuelle» utgjer ein mottype gjennom ei tydeleg avgrensing av hans utsjånad og veremåte, og gjennom korleis han trugar moralen og verdiane i samfunnet. At det er «den homoseksuelle» som er mottypen, er eit symptomatisk trekk for tida då dei to romanane blei gjevne ut. Her kan ein trekke ein parallell til straffelovas §213, som kriminaliserte sex mellom menn. I likskap med lovgivinga er det den mannlege «homoseksualiteten» som er grunnlaget for det angstframkallande i dei to romanane. Som Skaug Halsos (2007) skriv om §213, er frykta for mannleg homoseksualitet slåande i forhold til frykta for likekjønna sex mellom kvinner:

«Only sex between men was criminalized, because sex between women was originally not deemed to constitute a threat to Norwegian society» (s. 111). Det er med andre ord mannleg homoseksualitet samfunnet må tryggast mot på grunn av trugsmålet ein meinte han utgjorde.

Det er denne forma for homoseksualitet, altså mellom to menn, det blir åtvare mot i dei to romanane gjennom korleis han blir framstilt som samfunnsnedbrytande. Idealmannen, kvinnerolla, ekteskapet og heile samfunnet blir oppfatta som truga på grunn av desse mennene. Slik straffelova konstruerer «den homoseksuelle» som eit trugsmål mot samfunnet, blir han òg konstruert slik i dei to romanane. Han blir skriven fram og produsert gjennom ei anna form, som er negativ i forhold til idealmannen, samstundes som seksualiteten hans blir framstilt som subversiv ved å truge manns- og ekteskapsidealet. Trugsmålet mot manndommen og ekteskapet tek form som ein angst for det kjønnsoverskridande ved seksualiteten hans. Slik sett baserer konstruksjonen av «den homoseksuelle» som ein mottype seg på både ei «formside» og ei «innhaldsside».

5.3. Dragninga mot fortida – ein modernitetskritikk?

Brumo og Furuseth (2005) skriv at modernisme ofte blir definert som kunstnarisk modernitetskritikk (s. 23). Innleiingsvis konkluderte eg med at *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* skriv seg inn i den realistiske tradisjonen. Eg vil likevel, med bakgrunn i Brumo og Furuseth, hevde at både *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* indirekte kritiserer det moderne samfunnet gjennom korleis kvinnefrigjering og urbanisering er sentrale komponentar i angstuttrykket. Dei skriv at «[m]oderniteten er den erfaringshorisont både den realistiske og den modernistiske kunsten relaterer seg til. [D]et som først og fremst skiller modernismen fra 1800-tallets dominerende kunstretninger, er representasjonsformen» (Brumo & Furuseth, 2005, s. 24-25). Fordi det er snakk om ein felles erfaringshorisont, er med andre ord kritikken av moderniteten ikkje reservert for det ein gjerne omtalar som modernistisk litteratur. Denne erfaringshorisonten er i både *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* grobottn for ei nostalgisk dragning mot fortida. Gjennom eit tydeleg «me» blir det skapa eit inntrykk av at det blir adressert og åtvare mot eit problem på vegner av alle kvinner i samtida.

Linken si oppfatning av kvinnerolla og avkjønninga i samfunnet blir knytt saman med den moderne kvinnefrigjeringa. Ho meiner meir likestilling mellom kjønna har bidratt til eit kjønnslaust og dekadent samfunn. I følgjande sitat er det tydeleg at ho talar på vegner av eit «me» av kvinner, som «[...] avkjønnes av kvindeemancipation, vil blir sure og grætne. Vi faar ringe under øinene istedetfor ringe paa fingeren. Vi faar elskere istedetfor mænd. Vi faar

underlivssygdomme istedetfor barn. Ja, tiderne har forandret sig» (Freimann, 1912, s. 9). På grunn av at «den homoseksuelle» blir knytt til avkjønnninga av samfunnet, kan dette sitatet lesast i nytt ljøs når ein går tilbake i forteljinga. Det impliserer eit samband mellom likestilling og at menn blir homoseksuelle på grunn av at baa delar er nært forbundne med avkjønnning. Kjensla av å ikkje passe inn i dette samfunnet kjem fram gjennom lengselen tilbake til tida før desse forandringane. Denne lengselen ytrar Linken seinare òg med ei klår referanse til opplevinga under supéen til Karl: «Der er ulykke med vor generation. Vi passer ikke ind i en tid, hvor mændene blir kvinder og kvinderne mænd» (s. 85). Kritikken av samtida er her endå tydlegare, men det er framleis ikkje noko stadfesting av kva slags tid ho lengtar tilbake til. Sjølv om denne tida ikkje er stadfesta, blir likevel homoseksualitet gjennom denne nostalgien framstilt som eit moderne fenomen som ikkje fanst tidlegare. Jan Olav Gatland (1990) koplar Liken sine ord opp mot lege og stortingspolitikar Ole Malm sine utsegn om at det er ein samheng mellom likestilling av kjønna og framveksten av homoseksualitet (s. 97). Slik sett gjev romanen til Frich orda til Malm nytt liv i ein litterær diskurs, trass i at dei opphavleg blei nytta i ein medisinsk diskurs.¹³

Det blir ikkje implisert nokon samheng mellom homoseksualitet og kvinnefrigjeri i *Drude Helmers egteskap*. Derimot er det ei liknande form for kollektivt «me» av kvinner det blir talt på vegner av, og i sitatet nedanfor ser me korleis kjensla av å ikkje passe inn i samfunnet heng saman med ei lengsel tilbake til fortida:

Ellers er der naturligvis bruk for kvinderne paa mange omraader. Men de med den store kjærlighetstrang, de er kommet til verden et par aarhundreder for sent. Mændene er blit slik, at der ikke er bruk for dæm længer. – For det første har vi en stadig større skare av de mandfolk som bare dyrker hverandre – ja, du maa undskylde at jeg snakker rent ut, Drude, men jeg har set saa meget de sidste aarene [...], der er mange flere end vi aner (Knudsen, 1913, s. 73-74).

Det er ein svært tydeleg nostalgi som kjem til uttrykk i dette sitatet, men sjølv om denne lengselen er tilbake til ei meir konkret tid enn Linken sin, er stadfestinga framleis upresis. Fordi stadig fleire menn dyrkar kvarandre i staden for kvinner, meiner Hedvig det ikkje lenger er kjærleik att til kvinnene. Ho figurerer her som talskvinne på vegner av dei andre kvinnene i samfunnet. Den nostalgiske lengselen tilbake til ei svunnen tid som kjem til uttrykk i baa romanane, kan forståast ved hjelp av litteraturforskaren Raymond Williams sin teori om

¹³ Jan Olav Gatland viser til artikkelen «Kjønnsdannelse og homoseksualitet» som Ole Malm publiserte i *Norsk magasin for lægevidenskaben* i 1907, og eg vil difor hevde at desse orda opphavleg høyrde til ein medisinsk diskurs. For Gatland si utdjuping av innhaldet i artikkelen kan ein sjå side 62 i *Mellom linjene. Homofile tema i norsk litteratur* (1990).

fortidige referansar i *The Country and the City* (1985 [1973]). Han hevdar det ofte blir sett bort frå fortidige samfunnsendringar, og at tidligare periodar blir samanfatta til éin felles idé av eit «tradisjonelt» samfunn. Dette biletet av fortida kan deretter brukast som eit utgangspunkt for å måle utvikling i samtida, gjerne i kombinasjon med ei idealisering av fortida (s. 35). Me kan altså forstå kjensla av å ikkje passe inn som ein lengsel tilbake til gamle verdiar og tradisjonar, og desse treng ikkje noko stadfesting fordi fortida blir oppfatta som éin storleik. Den upresise stadfestinga av fortida i dei to romanane underbygger at det er snakk om ein idé av det fortidige, og ikkje nødvendigvis ein faktisk referanse til fortida. På denne måten blir samtida – og av den grunn homoseksualitet – forbunden med moderne utviklingstrekk i samfunnet. I Frich sin roman ser ein at likestilling er eitt av desse utviklingstrekk, og nedanfor skal me sjå korleis urbanisering er eit anna utviklingstrekk som blir tematisert i båe romanane.

Gjennom korleis Hedvig omtalar dei «moderne» mennene som «flere end vi aner», blir homoseksuelle menn framstilte som ein subkultur ein ikkje har oversikt over. På den eine sida delegerer dette homoseksualitet til det skjulte og «perverse», men samstundes kan dette lesast som ei kopling til staden Drude bur. For på den andre sida representerer den moderne storbyen det uoversiktlege, og han blir ofte oppfatta som framandgjerande. Den uoversiktlege storbyen blir framstilt gjennom korleis Drude set Kristiania opp mot den vesle kystbyen ho har vakse opp i. Som kontrast til kystbyen sin oversiktlege og heimslege atmosfære, er storbyen det stikk motsette gjennom å vere full av framande folk og lite intim:

Drude syntes godveirdagene var de værste at komme igjennem. Da længtet hun ned til sin lille kystby, hvor hver sti og hver krok var hende kjendt og kjær. Hun hadde aldrig været glad i Kristiania, og nu blev den hende utaalelig. Hun visste ikke, hvor hun skulde gjøre av sig, naar hun hadde lyst paa en eftermiddagstur herinde – alt var saa langt borte eller opfyldt av mennesker, saa fremmed og lite intimt (Knudsen, 1913, s. 112).

På same måte som det i båe romanane blir ytra ei nostalgisk oppfatning av ei fortidig kvinnerolle, der romantikken og den ekte kjærleiken stod i fokus, blir den vesle og intime byen òg romantisert. Dette er det nærmaste ein kjem ei oppleving av fortida basert på erfaring, og ikkje berre ein idé om fortida (jf. Williams, 1985 [1973], s. 35). Ut frå dette kan ein likevel lese heimlassen til Drude som idéen om fortida: Han er prega av å vere oversiktlege og ei kjensle av å høyre til, medan Kristiania blir skildra som uoversiktlege og skremmande. Slik representerer den vesle kystbyen og den urbane storbyen kvar si tid, den eine fortida og den andre notida.

Drude har som tidlegare nemnt ikkje høyrte om homoseksualitet før ho flyttar til Kristiania. Løysinga er å vende tilbake til røtene og heim att til det trygge livet hjå familien i småbyen. Medan Drude kjenner til kvar krok på heimstaden, er det ikkje mogleg å få oversikt

over Kristiania og alle menneska som bur der. Slik blir det skapa eit samband mellom storbyen og «den homoseksuelle». Storbyen mogleggjer ein skjult subkultur. Den same koplinga finn ein att allereie i tittelen på Frich sin roman. «I skyggen» viser til det mørke og skjulte, det ein ikkje har oversikt over, medan «Karl Johan» bind det skuggefylte saman med Kristiania og storbyen. Anonymiteten som byane gav, mogleggjorde skjulte seksuelle subkulturarar hevdar Oosterhuis (2000), og bylivet opna opp for at menn som var tiltrekt av menn kunne finne andre med same lengt (s. 253-254). Dei to romanane ytrar altså eit medvit kring dette gjennom korleis «den homoseksuelle» blir kopla til den uoversiktlege storbyen og urbanisering.

Schaffner (2012) argumenterer for at «perversjonane» blei sett i samanheng med generelle utviklingstrekk i samfunnet, noko som kan forklare by-land-dikotomien og koplinga mellom «den homoseksuelle» og storbyen i dei to romanane:

Most of these perversions are directly linked to specifically modern socio-political transformations, such as shifts in conceptions of gender roles, the emergence of the notion of individualism and romantic love, the widening division between public and private life, the rapid rise of consumer culture and growing urbanization. Urbanization and industrialization facilitated the emergence of subcultures, weakened the influence of the family and the rural community, and loosened the distinctions between classes and the sexes (Schaffner, 2012, s. 11).

«Perversjonane» blei forstått som eit resultat av samfunnsendingane på 1800- og 1900-talet, og særleg subkulturar er nært knytt opp mot den moderne storbyen. Lengselen tilbake til ei tid med ei klår manns- og kvinnerolle og «ekte» romantikk kan ut frå dette òg forklarast gjennom dei moderne samfunnsendingane. Slikt det blir framstilt, særleg i *Drude Helmers egteskap*, er samfunna i meir landlege strok samfunn der det pre-moderne livet framleis er mogleg å leve. Det er storbyen som er sentrum for endringane, forfallet og ikkje minst framveksten av homoseksuelle menn. Denne koplinga har samband med at degenerasjonsteori bygde på idéen om at den moderne sivilisasjon korrumperte livet til menneska og blei eit fundament for degenerasjon, som igjen skapa grobotn for mellom anna «perversjonar» (Oosterhuis, 2000, s. 54). Både romanane ser ut til å vere sterkt influert av ei slik oppfatning. Samstundes bidreg dei i stor grad med konstruksjonen av storbyen som dekadent, uoversiktlege og som skjulestad for ein subkultur av homoseksuelle. Me har allereie sett korleis homoseksualitet og «den homoseksuelle» er nært forbunde med angsten for det kjønnsverskridande. Denne angsten er igjen nært forbunde med storbyen i både romanane. På denne måten bidreg både *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* til at homoseksualitet blir konstruert som eit moderne storby-fenomen i si eiga samtid.

6. Ein politisk og problematisk konstruksjon

6.1. Oppsummering

Formålet i denne oppgåva har vore å undersøke og samanlikne korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram i romanane *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap*. Med eit queer-teoretisk bakteppe argumenterer eg for at dei to romanane ved å skrive fram «den homoseksuelle», òg er med på å konstruere han. Bakgrunnen for ei samanlikning av desse to romanane var primært dei store motiviske og tematiske likskapane mellom dei. I samband med at homoseksualitet er eit viktig tema i både romanane, har eg vore ute etter å undersøke kva for forståing av homoseksualitet som kjem til syne gjennom korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram. Når det gjeld denne forståinga, har det gjennom analysen min vist seg at likskapane mellom dei to romanane held fram. Dei store likskapane mellom romanane underbygger i så måte påstanden om at forståinga som ligg til grunn for korleis «den homoseksuelle» blir skriven fram, og i forlenging av dette konstruksjonen, er historisk situert.

I både romanane blir det etablert eit metonymisk samband mellom det å vere homoseksuell og det å vere kunstnar. Korleis dette sambandet blir etablert, er derimot delvis ulikt i dei to romanane. Gjennom ei framheving av kunstnaren som falsk og tvitydig, samt eksplisitte koplingar mellom kunstnaren og halvmannen, skriv *I skyggen av Karl Johan* fram eit samband mellom det å ha eit kunstnarisk yrke og det å vere homoseksuell. Slik skapar romanen eit slektskap mellom kunstnaren og «den homoseksuelle». I *Drude Helmers egteskap* er det forholdet mellom dei to muskarane Erik og Henning som i hovudsak skapar dette sambandet. Forholdet mellom dei to mennene er tvitydig fordi det både kan lesast som eit profesjonelt musikalsk samarbeid og som eit erotisk forhold, der dei «spelar» saman og er «kompatible» på eit intimt plan. Ved å bruke musikken og musikaren på denne måten blir homoseksualitet kopla opp mot det å vere kunstnar. I forlenging av å etablere eit slikt metonymisk samband, blir skodespelaren bruka allegorisk om «den homoseksuelle» i både romanane. Denne allegorien underbygger og poengterer ein idé om at «den homoseksuelle» spelar ulike rollar i samfunnet når han giftar seg med ei kvinne for å leve inkognito.

I tillegg til å etablere slike samband ser ein òg at samtidas manndomsideal er ein viktig komponent når «den homoseksuelle» blir skriven fram. Analysen min viser at det er store likskapar mellom romanane, og at framstillinga av karakterane som har blitt analyserte i stor grad samsvarar med George L. Mosse sine funn om framstillinga av mottypar på 1800-talet. «Den homoseksuelle» blir i både romanane skriven fram *negativt* i forhold til samtidas manndomsideal gjennom karaktertrekk som er motsette av dette idealet. Mennene har

uproporsjonerte kroppar, og særleg andleta til mennene har markerte trekk, samstundes som dei har «feminine» kroppspositurar og rørsler. Dette reduserer maskuliniteten til mennene, og framstillinga må av den grunn forståast i samband med halvmannmetaforen. Ved å skrive fram «den homoseksuelle» på denne måten ser me spor av to sentrale idéar frå samtidas sexologi. For det fyrste vitnar mangelen på maskulinitet i framstillinga om at homoseksualitet blei forstått som *inversjon*. For det andre kan ein lese framstillinga som eit uttrykk for idéen om *degenerasjon* fordi «den homoseksuelle» figurerer som ein tydeleg mottype som avvik frå eit ideal.

Både George L. Mosse og Anna Katharina Schaffner hevdar at «den homoseksuelle» blei sett på som angstframkallande i samtida til romanane. I min analyse har eg synt at angsten for «den homoseksuelle» òg gjeld *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers ektekap*. Denne angsten har utspring i at «den homoseksuelle» blir oppfatta som kjønnsoverskridande. Sidan han kryssar grensa mellom kjønna, og utnyttar ekteskapet for å kunne leve i skjul, blir denne institusjonen undergraven. Det er denne samfunnsundergravande funksjonen som gjer at «den homoseksuelle» blir framheva som ein syndebukk for det moralske forfallet i samfunnet. Framveksten av homoseksuelle menn blir i tillegg knytt opp mot den moderne storbyen, og den negative skildringa av Kristiania, kombinert med ein lengsel tilbake til ei tid der homoseksualitet ikkje «fanst», les eg som ei form for modernitetskritikk i romanane.

6.2. Det tvitydige blir einstydig?

Når det gjeld korleis mennene blir oppfatta, er kven som ser dei avgjerande. Det er fleire døme på motsettingsfylte oppfatningar av dei mannlege karakterane. Dei tydelegaste døma på dette er åtvaringane som både Linken og Drude får mot å gifte seg med høvesvis Karl og Erik. Gjennom åtvaringane kjem det fram at det er fleire karakterar som «les», moglegvis basert på yrke, utsjånad og veremåte, dei to mennene på ein annan måte enn Linken og Drude. I motsetnad til fokalinstansane meiner dei som åtvarar at det er ein dårleg idé å inngå ekteskap på grunn av korleis dei meiner at mennene er. Trass i at fokalinstansane i mykje større grad enn dei som åtvarar påverkar kva som blir fortalt av forteljaren, blir ein altså som lesar presentert for to moglege oppfatningar av Karl og Erik frå tidleg av. Resultatet av dette er at det blir skapa eit medvit om det tvitydige potensialet som ligg i framstillinga av dei.

Ut frå dette er lesaren si oppgåve å tolke framstillinga av Karl og Erik (og dei andre mennene), og ein er her ved kjernen i korleis intrigen i dei to romanane er bygd opp. Fordi ein veit at mennene kan oppfattast ulikt, veit ein òg at dei er tvitydige. Dei *kan* lesast som eit godt parti å gifte seg med, eller dei *kan* lesast som det motsette ut frå dei homografiske markørane

som ein finn i framstillinga av dei. Slik sett bidreg dei homografiske markørane til å bygge opp ei spenning i romanane fordi lesaren blir nøydd til å tenke over om det å inngå ekteskapa var «riktig» val av Linken og Drude. Etter ei lang rekke med homografiske markørar kjem det fram at både Karl og Erik har forhold til andre menn. På grunn av desse opplysingane kan ein seie at den tvitydige framstillinga blir *einstrydig*, for når det viser seg at både Karl og Erik har ein lengt etter andre menn, blir samanhengen mellom teikna stadfesta.

Kva som blir oppfatta som tvitydig i framstillinga, avheng derimot av lesaren. For å illustrere dette poenget skal eg bruke den litterære karakteren Drude som døme. Som tidlegare nemnt oppfattar ho ikkje utsjånaden eller veremåten til Carsten Arnesen som eit mogleg teikn på homoseksualitet, noko Hedvig gjer. På same måte vil ikkje nødvendigvis ein lesar automatisk oppfatte framstillinga av til dømes Karl og Erik som tvitydig, trass i at åtvaringane legg opp til tvitydige lesingar. Samstundes blir nokre mønster etablerte i romanane, og som ein lesar kan oppfatte nokså uavhengig av føresetnadane han har. Til dømes kan ein sjå at det er ein samanheng mellom skildringa av halvmannen og skildringa av utsjånaden og veremåten til fleire av mennene. Likevel blir slike lesingar i stor grad forsterka av konteksten rundt romanane. Som me har sett, er det høg grad av samsvar mellom dei to romanane, samt mellom romanane og andre kringliggande diskursar når det gjeld forståinga av homoseksualitet. Sidan det tilsynelatande er så stor konsensus kring forståinga av homoseksualitet i materialet mitt, kan ein gå ut frå at det i både *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* blir nytta tvitydige teikn som mange lesarar kunne kjenne att i samtida (jf. Myren-Svelstad, 2017, s. 30). På denne måten bidreg romanane til å konstruere ei bestemt oppfatning av «den homoseksuelle» fordi dei konsoliderer visse trekk og eigenskapar som naturlege.

6.3. Det store homoseksualitetsparadokset i romanane

I analysen min har eg vist korleis «den homoseksuelle» blir konstruert som ein mottype gjennom både utsjånaden og gjennom korleis han fungerer som eit angstframkallande trugsmål mot det heteronormative samfunnet. Men som det har blitt påpeika tidlegare i analysen, er ei slik forståing av homoseksualitet problematisk. For på den eine sida blir det i dei to romanane implisert at det å vere homoseksuell er ein stabil og intern identitet nokre menneske har. Men på den andre sida blir samstundes «den homoseksuelle» forstått som eit trugsmål mot ekteskapet og heile samfunnet, altså at han i tillegg òg trugar andre sin identitet. På lik linje med straffelovas §213 frå 1905 kviler forståinga som ligg til grunn for konstruksjonen av «den homoseksuelle» på eit stort paradoks: Homoseksualitet blir definert både minoriserande og universaliserande på ei og same tid. Ut frå Eve Kosofsky Sedgwick sitt perspektiv kan ein seie

at både romanane av den grunn undergrev sitt eige prosjekt når «den homoseksuelle» både blir avgrensa og samstundes åtvara mot på denne måten. Konstruksjonen er ikkje mindre problematisk sidan ein med forankring i Judith Butler kan stille spørsmål ved det som tilsynelatande er eit «naturleg» heteronormativt utgangspunkt for denne konstruksjonen. Slik sett er ikkje konstruksjonen av «den homoseksuelle» i romanane berre politisk ved å konstruere ein mottype, men han er òg problematisk å legitimere sidan han kviler på eit definisjonsparadoks og skjer ut frå eit diskutabelt privilegert utgangspunkt.

Sjølv om konstruksjonen av «den homoseksuelle» er problematisk, er det viktig å nemne at *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* illustrerer eit sentralt poeng hjå Michel Foucault. Lengselen tilbake til ei tid «utan» homoseksualitet i dei to romanane eksemplifiserer kva Foucault meiner med at «den homoseksuelle» fyrst blei fødd på 1800-talet. Tek ein utgangspunkt i denne lengselen, kan ein betrakte romanane som ein indikasjon på at homoseksualitet fyrst blei synleg – og oppfatta som eit problem – i det ein byrja å konstruere han som ein identitet i til dømes sexologien, men i dette tilfellet òg i litteraturen. Dette kan ein omtale som eit nytt paradoks. Ved å skrive fram «den homoseksuelle» bidreg dei to romanane til at fortida det blir lengta tilbake til kan opplevast som endå meir fjern, samstundes som måten «den homoseksuelle» blir skriven fram på enda tydlegare ber preg av å vere nettopp ein konstruksjon i samtida.

Innleiingsvis tok eg opp to ulike problematikkar knytt til homoseksualitetsomgrepet. Den eine problematikken var korleis ein kan hevde at homoseksualitet er eit sentralt tema i både *I skyggen av Karl Johan* og *Drude Helmers egteskap* når omgrepet ikkje blir bruka, medan den andre var om bruken av omgrepet i seg sjølv kunne forsvarast. I denne oppgåva har eg synt kvifor ein kan hevde at homoseksualitet er ein sentral tematikk i både romanane, trass i fråveret av dette omgrepet. For å gjennomføre denne analysen var eg heilt avhengig av å ta i bruk homoseksualitetsomgrepet, men gjennom bruken min av omgrepet, håpar eg å ha vist at «den homoseksuelle» er ein historisk situert konstruksjon, og dertil ein problematisk konstruksjon, i dei to romanane.

Litteraturliste

- Andersen, P. T. (2012). *Norsk litteraturhistorie* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bal, M. (2006). *A Mieke Bal reader*. Chicago: University of Chicago Press.
- Bang, H. (1998 [1922]). Tankar om seksualitetsproblemet (omsett av J. O. Gatland). *Samtiden*, 5(6), 107-114.
- Beyer, H. & Beyer, E. (1996). *Norsk litteraturhistorie* (5. utg.). Oslo: Tano Aschehoug.
- Brumo, J. & Furuseth, S. (2005). *Norsk litterær modernisme*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Butler, J. (1991). Imitation and Gender Insubordination. I D. Fuss (Red.), *Inside/Out. Lesbian Theories, Gay Theories* (s. 13–31). New York/London: Routledge.
- Butler, J. (1993). Critically Queer. *GLQ*, 1(1), 17-32.
- Claudi, M. B. (2010). *Litterære grunnbegreper*. Bergen: Fagbokforlaget/LNU.
- Dahl, W. (1995). Rasisme i masselitteraturen. I B. Birkeland, A. Kittang, S. U. Larsen & L. Longum (Red.), *Nazismen og norsk litteratur* (2. utg., s. 80-88). Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Foucault, M. (1999 [1976]). *Seksualitetens historie I: Viljen til viten* (omsett av E. Schaanning). Oslo: Exil.
- Freimann, R. (1912). *I skyggen av Karl Johan: Fragment av en kvindes liv*. Kristiania: J. Aass forlag.
- Friis, R. (2004, 24. mars). Gul champagne-enke. *NRK*. Henta frå <https://www.nrk.no/kultur/gul-champagne-enke-1.867858>
- Gatland, J. O. (1990). *Mellom linjene: Homofile tema i norsk litteratur*. Oslo: Aschehoug.
- Gatland, J. O. (1998). «Eg ønskjer at desse orda skal publiserast fem år etter min død ...». Om Herman Bangs essay «Tankar om seksualitetsproblemet». *Samtiden*, 5(6), 104–106.
- Gilhus, I. S. & Thomassen, E. (2010). *Oldtidens religioner: Midtøstens og Middelhavsområdets religioner*. Oslo: Pax forlag.
- Gylseth, C. H. (1997). *-seg selv til det ytterste: Øvre Richter Frich og hans forfatterskap*. Oslo: Cappelen Damm.
- Halsos, M. S. (2007). Norway 1842-1972: When Public Interest Demands. I J. Rydström & K. Mustola (Red.), *Criminally Queer: Homosexuality and Criminal Law in Scandinavia 1842-1999* (s. 91-116). Amsterdam: Aksant.
- Jordåen, R. (2010). *Inversjon og perversjon: Homoseksualitet i norsk psykiatri og psykologi frå slutten av 1800-talet til 1960* (Doktoravhandling). Universitetet i Bergen, Bergen.

- Kleiva, R. (1996). *Greske gudar og gudinner*. Oslo: Samlaget.
- Knudsen, R. (1913). *Drude Helmers egteskap*. Kristiania: Olaf Norlis forlag.
- Mosse, G. L. (1996). *The Image of Man: The Creation of Modern Masculinity*. New York: Oxford University Press. Henta frå <http://search.ebscohost.com/login.aspx?direct=true&db=nlebk&AN=151344&site=ehost-live>
- Myren-Svelstad, P. E. (2017). *Den opne løyndommen: Homografiske lesingar i Åsmund Sveens forfatterskap* (Doktoravhandling). NTNU, Trondheim.
- Nissen, N. A. (2000). Å lese for å bruke: Homoforskning, kjønnsforskning og Litteraturvitenskap. I H. H. Skei & E. Vannebo (Red.), *Norsk litterær årbok* (s. 241–263) Oslo: Samlaget.
- Oosterhuis, H. (1997). Richard von Krafft-Ebing's "Step-Children of Nature": Psychiatri and the Making of Homosexual Identity. I V. A. Rosario (Red.), *Science and homosexualities* (s. 67-88). New York/London: Routledge.
- Oosterhuis, H. (2000). *Stepchildren of nature: Krafft-Ebing, Psychiatry, and the Making of Sexual identity*. Chicago: University of Chicago Press.
- Rafto, H. R. (2017). Drude Helmers egteskap. *Melk*, 2017(3), 76-79.
- Rafto, H. R. (2018). Gifte menn i skåpet – i litteraturen. *Syn og Segn*, 124(1), 92-99.
- Schaffner, A. K. (2012). *Modernism and Perversion: Sexual Deviance in Sexology and Literature, 1850-1930*. New York: Palgrave Mcmillan.
- Sedgwick, E. K. (2008 [1990]). *Epistemology of the closet*. Berkeley: University of California Press.
- Ursin, J. (1975). *Kristne symboler: En håndbok* (3. utg.). Oslo: Land og Kirke/Gyldendal.
- Williams, R. (1985 [1973]). *The Country and the City*. London: Hogarth Press.
- Waage, L. R. (2009). *Skrekkens grenser: Seksualitet og tekstualitet i Sigurd Mathiesens Forfatterskap* (Doktoravhandling). Universitetet i Agder, Kristiansand.
- Aaslestad, P. (1999). *Narratologi: En innføring i anvendt fortelle teori*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag/LNU.

Masterarbeidets relevans for lektoryrket

Denne masteroppgåva er avslutninga mi på ei utdanning eg tek for å bli lektor, og eg meiner at ho er svært relevant for mitt framtidige yrkesliv. Sentralt i oppgåva mi er korleis ein seksuell identitet blir konstruert i samfunnet gjennom måten ein snakkar om han på. Språk er ei form for makt. Derfor er det viktig å vere bevisst på korleis ein omtalar einskildindivid og grupper av menneske i samfunnet, anten det er på bakgrunn av seksualitet, kjønn, etnisitet, alder, religion eller yrke (lista kunne ha vore endå lengre). Lærdommen min frå masteroppgåva er difor lett å ta med seg inn i skulen: Har ein til dømes ein bestemt måte å omtale nokre grupper med menneske på i dag? Eg meiner dette er svært viktig å ha eit fokus på i ei verd der populisme og polarisering av både debattar og politikk er aukande. Litteratur blir ikkje til i eit vakuum, men er påverka av og påverkar samfunnet rundt. Eit medvit kring dette kan skape spennande og viktige samtalar i klasserommet, samt vekke samfunnsengasjement.

Gode samtaler om litteratur oppstår derimot ikkje av seg sjølve. I norskklasserommet treng ein lærarar med fagleg tyngde og gode analytiske ferdigheiter. Dette er ein ballast som gjer at ein kan legge til rette for lærerik og engasjerande litteraturundervising. Gjennom arbeidet mitt med masteroppgåva har eg opparbeidd meg ei stor verktøykasse som eg kan bruke i møte med skjønnlitteratur, og desse erfaringane kan eg bruke som utgangspunkt for skriving, refleksjon og diskusjon i klasserommet. Denne tryggleiken er viktig både for meg som lærar og for mine framtidige elevar. Eg ser fram til både djuptgripande prosjektarbeid og spontane og uformelle samtalar om litteratur (og norskfaglege emne generelt) i mitt framtidige yrke.

